

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 23.09.2008 kl 12:00 – 15.40 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 061/08 - 076/08

Innkalling til møtet var sendt ut den: 18.09.2008.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal, vara	Håkon Matre, ordfører	Vigdis Søvik
Lars Solheim	John Torsvik, vara	Jon Terje Sætre
Jan Otto Daae, vara	Marianne Ulvatn, vara	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Dina Merete K. Dyrhovden	Wenke Fredheim Ekren	
Liv Oda Dale	Frode Langhelle	

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Kari Skår Sørheim, varaordfører Sak 71/08, 75/08 og sak 76/08	Janne Judith K. Sandnes, vara	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Tore Helland	Per Einar Langhelle
Marit Steinestø, vara		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Willy Borge	

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Alf Strand

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte
Vigdis Søvik, Sp	69/08	Ingen
Siri Kratzmeier	71/08	Marit Steinestø

Møteleiar:	Ordfører Håkon Matre
Utlevert i møtet:	Presentasjonsdokument aug. 2008 frå Regionrådet: Mongstad som ny hamn i Bergensområdet
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Ordfører Håkon Matre ønskte velkommen til det første kommunestyremøtet etter ferien.

Ordfører orienterte om at møtedato for kommunestyret i dag opprinneleg var sett til 25. sept., men er i ettertid blitt flytta fram. Dette har sjølvstakt ført til forseinka utsending av sakspapira til møtet i dag. For ettertida må me unngå at det blir så tett mellom møta.

Innkallinga vart godkjent.

Ordfører orienterte om tilleggsak sak 076/08 som var sendt ut ein dag etter dei andre sakspapira og spurde om det var greitt for kommunestyret å handsama saka. Dette vart samrøystes vedteke.

Ordfører orienterte og om at Kari Sørheim ville tiltre møte litt seinare og at det er ynskje om fleksibilitet i høve handsaming av sak 071/08 der KrF har meldt behov for vara pga ugildskap.

Sakslista vart godkjent.

Ordfører gjorde framlegg om Tore Helland og Vigdis Søvik til å skriva under møteboka. Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
061/08	08/685	Godkjenning av møteprotokoll	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
062/08	08/684	Skriv og meldingar	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
063/08	08/22	Kvamsdals Fargerier - fargeriet	10
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
064/08	08/456	Kulturfond	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
065/08	08/567	Råd for funksjonshemma - etablering og drift	20
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
066/08	08/680	Søknad om permisjon frå politiske verv	24
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
067/08	08/543	Regionrådet Nordhordland IKS - ny selskapsavtale - kommunal godkjenning	26
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
068/08	08/629	Oppgradering av økonomisystemet - orienteringssak	28
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
069/08	08/481	Søknad om tilskot frå kraftfondet til investeringar i frisørsalong på Hosteland - Hege Søvik	31
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
070/08	08/480	Søknad om tilskot frå kraftfondet til Masfjorden Natursenter v/Magne Sleire	36
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
071/08	08/7	Søknad om lån og tilskot i Kraftfondet bygningsmessige investeringar i helseforetak - Elexoma Nordic as	42
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
072/08	08/673	Revidering av vedtektene og retningslinene for kraftfondet	53
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
073/08	07/119	Delegeringsreglement for Masfjorden kommune - evaluering 2008	69

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
074/08	06/1062	Lønspolitisk plan 2008-2010	72
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
075/08	06/1077	Reguleringsplan for Matre - vidare handsaming	75
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
076/08	08/397	Reguleringsplan Duesundøy - mindre endringar - 3. gongs handsaming	78

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2008	061/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 08/685
-----------	---------------------

SAK 061/08 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå formannskapet den dato vert godkjent slik han ligg føre.

KS-061/08 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyre den 03.07.08 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes godkjent.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2008	062/08	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 08/684
-----------	---------------------

SAK 062/08 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	08/2737	I	13.06.2008	Arbeidsgruppa v/Rolf Martin Tande	Rapport om helseplager i Gulen og Masfjorden kommunar etter ulukka i Vest Tank sitt anlegg i Sløvåg 24.05.2007
2	08/2970	I	27.06.2008	Reginrådet Nordhordland IKS v/Bent Gunnar Næss	Møteutskrift frå kontrollutvalet den 20.06.2008
3	08/3082	I	03.07.2008	Folkehelseinstituttet	Miljømedisinsk vurdering av kjemikalieulykken i Gulen
4	08/3681	I	21.08.2008	Dagens Næringsliv	Dagens Næringsliv / SSB si kommuneåring 2008 om beste kommune å bu i
5	08/3682	I	21.08.2008	Helse Bergen	Info om oppfølging etter Vest Tank ulukka
6	08/3685	I	15.08.2008	Helse Bergen	Svar på førespurnad vedr. oppfølging etter Vest Tank ulukka i Gulen
7	08/3750	I	13.08.2008	Hordaland fylkeskommune	Statsbudsjettet kap 551 post 60 Ekstraordinære omstillingsutfordringar i Hordaland 2009
8	08/3903	I	04.09.2008	Kontrollutvalet i Masfjorden v/Kjell Løvik	Møteutskrift frå kontrollutvalet den 04.09.2008
9	08/3913	I	25.08.2008	Rektorane i Masfjorden v/Berit Lygre	Vedk vedlikehaldssituasjonen på skulane
10	08/4068	I	17.09.2008	Rådgevar Alf Strand	Oversikt kostnad til manglande lærebøker i skulane pr 01.09.08
11	08/4069	I	18.09.2008	Sandnes skule v/Kjellaug Bolset Strand	Oversikt over utstyr til Sandnes skule
12	08/4070	I	05.09.2008	Nordbygda skule	Oversyn over innkjøpsbehov

				v/Berit Lygre	på Nordbygda skule
13	08/4071	I	27.08.2008	Matre skule v/Liv Brekken	Oversyn over diverse utstyr til Matre skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-062/08 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:**Skriv 13)**

Det vart og utdelt skriv frå Matre skule som skulle vore med under kopiering av sakspapira.

Nytt skriv nr 14) utdelt i møtet:

Presentasjonsdokument frå Regionrådet Nordhordland IKS: Mongstad som ny hamn i Bergensområdet.

Formannskapsmedlemmene fekk dokumentet i møtet den 16.09.08.

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar og kommunestyremedlemmene fekk høve til å stilla spørsmål undervegs.

Skriv 9 – 13:

Rådgjevar Alf Strand orienterte nærare i høve desse skriva som gjekk på behov for utstyr og materiell til skulane og kostnader med dette.

(jfr spørsmål i budsjettmøte den 12.12.07 sak 127/07).

Laila S. Reknes, Ap, sa at Ap deler bekymringar for manglande vedlikehald på kommunale bygg som det er synt til i skriv frå rektorane.

Orienteringar:

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om 2. tertialrapport.

1) Innlegg kring status 2009 budsjettet

Rammesaka pr. juni 08 la opp til driftsrammer på 84,3 mill.kr. som innebar ein auke på 3,8% i høve til 2008 budsjettet. Auke til tross for nedgang i frie inntekter i 2009 → mogleg grunna auke i kraftinntektene.

Frist for einingane å komme med framlegg var 1. september – stort sett greitt – alle framlegg og innspel klare i løpet av veke 36 – alt innlagt i øk.systemet pr. den 7. september 08

Gjennomgang av hovudtal 2009 budsjettet i samband med leiarsamling 8. september 08. Etter innspel frå driftseiningane viser førebels budsjett eit avvik i forhold til rammesaka med om lag 9,3 mill.kr., og held ein utafør overføring frå drift til investeringsrekneskapen viser driftsbudsjettet eit samla **avvik på 7,3 mill.kr.** Ein har ikkje sett på investeringsbudsjettet i denne fasen. Førebels analyse viser ein kraftig vekst på løn, løn aukar frå 68,6 til 78,1 mill.kr. dvs. ein auke på 9,5 mill.kr. i høve 2008 budsjettet, eller heile 13,8%. Tilsvarande utvikling ser ein på sosiale utgifter, pensjon og arb.gj.avg. med auke på 2,2 mill.kr. eller 13,6%. Andre forhold stort sett i samsvar med forventingane. Forutan lønskostnadene, kan rentekostnadene og etter kvart bli ei utfordring – samt at frigjering av midlar til vedlikehald er ønskjeleg. Avvika pr. rammeområde varierer til dels mykje. Administrasjonen arbeidar vidare med drifts- og investeringsbudsjettet, med sikte på å presentere eit balansert budsjett 3. november 2008.

2) Innlegg 2.tertialrapport

Slik den ser ut pr. i dag – ligg vi på eit netto driftsresultat på 11,6 mill.kr. i pluss. Med netto bruk av avsetjingar med 500.000,-, og føresetnader gitt gjennom 1.tertial og budsjettssalderinga ser ut til å gå greitt, noko som inneber at innsparing i høve budsjett på drift vert nytta som EK i investeringsbudsjettet og at ein rekneskapsmessig kjem ut i driftsbalanse. Finansuroa den seinare tid har ikkje dei store konsekvensane for Masfjorden slik status er pr. i dag. Auka plasseringsramme på aksjefond er ikkje nytta – det meste står som bankinnskot med sikker avkastning på om lag 6,5%.

Spørsmål:

Leiar i eldrerådet Klaus Nordli:

Nordli spurde kommunestyret om korleis Masfjorden kommune tek i mot flyktningar/asylsøkjarar.

Han oppmoda om å prøva finna ut kva moglegheiter me har i vår kommune til å ta imot flyktningar/asylsøkjarar.

Ordførar Håkon Matre svara at det vil koma sak i Regionrådet Nordhordland IKS om kommunane skal gå i lag om å ta imot flyktningar ev med eit felles mottak.

Leila T. Andvik, V,

Andvik synte til tidlegare debatt i kommunestyret om gratisferje og sa det skjedde lite i denne saka no. Ho synte og til pilotprosjektet Livskraftige kommunar der auka folketal var eit av hovudmåla. Gratisferje ville vera eit godt verkemiddel til å fleire innbyggjarar.

Venstre ber om at administrasjonen førebur sak til kommunestyret om å få gratisferje i sambandet Masfjordnes – Duesund. Ho oppmoda dei andre partia om å ta kontakt med sine fylkesgrupper om denne saka.

Vigdis Søvik, Sp, sa at dei støtta Venstre i dette og håpar at dei vinn fram i fylkesgruppa.

Ordførar Håkon Matre sa at administrasjonen vil førebu sak til neste kommunestyremøte om gratisferje, som ein del av det overordna prosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden"

John Torsvik, H, tok opp om at familiar som pendlar kan ha problem med opningstidene i barnehagen. Kva kan gjerast med dette?

Rådmann Lovisa Midtbø svara at dersom nokon har behov for endra opningstid må dei ta det opp med styrar i sin barnehage.

Dersom endra opningstid vil kosta meir enn budsjettet, vil kommunestyret få det til behandling.

Rådmannen orienterte og om at Masfjorden kommune har vore vertskap for alle pilotkommunane på samling 10.-12. september. Dei fekk omvisning på Statoil Hydro Mongstad og Havbruksstasjonen, hadde førelesingane i kinosalen på BKK, og budde i Stordalen og på gamle Matre hotell.

Skriv og meldingar vart samrøystes tekne til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.09.2008	063/08	Alf Strand
Kommunestyret	23.09.2008	063/08	Alf Strand

Arkiv: N-255	Arkivsaknr.: 08/22
--------------	--------------------

SAK 063/08 - KVAMSDALS FARGERI - FARGERIET

KS-063/08 VEDTAK:

Det vert oppretta eit felles styre for Kvamsdals fargeri og Masfjorden båt- og sjøbruksamling. Styret vert samansett slik:

- 1 representant for eigarane av fargeriet
- 1 representant for rådmannen
- 1 representant for Museumssenteret i Hordaland
- 1 representant for kommunestyret
- 1 representant for Sandnes Vel

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Ordfører Håkon Matre orienterte og sa at det i dag gjerne må veljast ein representant av kommunestyret, sjølv om ikkje dette framgår direkte av framlegg til vedtak. Han sa og at det no heiter museumssenteret i Hordaland og at dette må endrast i vedtaket.

Rådgjever Alf Strand orienterte om Nothuset og Fargeriet som har vore opent for publikum i sommar. Det har vore godt frammøte både av innbyggjarar og folk utanfrå.

På neste kommunestyremøte den 30. okt. skal kommunestyret få ei omvisning i Nothuset der Arne Høyland vil vera tilstades og fortelja.

Strand orienterte og om at kommunen har fått noko tilskot frå fylket til restaureringa.

På Masfjorden kommune si heimeside ligg det ein DVD der ein kan gå inn å sjå på historia til Fargeriet.

Røysting:

Framlegg til vedtak (samansetjing av styret) vart samrøystes vedteke.

Ingen frå kommunestyret sa seg villig til dette vervet i dag, og ordfører konkluderte med at valnemnda prøver å finne ein person som skal representera Masfjorden kommunestyre i styret til Kvamsdals fageri og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling til neste møte.

FS-063/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vert oppretta eit felles styre for Kvamsdals fageri og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Styret vert samansett slik:

- 1 representant for eigarane av fargeriet
- 1 representant for rådmannen
- 1 representant for Museumssenteret i Salhus
- 1 representant for kommunestyret
- 1 representant for Sandnes Vel

Finansiering**Heimel**

Det skjedde i Formannskapet den 16.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert oppretta eit felles styre for Kvamsdals fargerier og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Styret vert samansett slik:

- 1 representant for eigarane av fargeriet Magnhild Kvamsdal Hope har sagt seg villig til å vera med.
- 1 representant for rådmannen
- 1 representant for Museumssenteret i Salhus
- 1 representant for kommunestyret
- 1 representant for Sandnes Vel

Finansiering**Heimel****Utskrift til:****SAKSTILFANG:****SAKSUTGREIING**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	07.01.2008	Masfjorden kommune	Leigeavtale om bruk av Kvamsdals Fargerier på Massfjordnes
2	U	16.01.2008	Sonja Berlin	INVITASJON
3	U	07.02.2008	Magnhild kvamsdal Hope	STYRE FOR KVAMSDALS FARGERIER OG SANDNES NOTHUS

BAKGRUNN

Denne sommaren har museumssamlingane på Sandnes, Kvamsdals Fargerier og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling vore opne for publikum tre dagar i veka frå 27. juni til 17. august. I tillegg har det vore tekstilutstilling på fargeriloftet mellom 19. juli og 10. august. Det har og vore konsertar og føredrag i den tida samlingane har vore opne for publikum. Dette har vore med på å dra opp besøkstala. T.d. var om lag 75 menneske samla til konsert i nothuset søndag 13. juli.

På mange måtar har sesongen sommaren 2008 vore å sjå på som eit prøveprosjekt. Ein fekk klargjort fargeriet og nothuset med utstillingar slik at det gjekk an å opna samlingane for publikum. Rådmannen vil syta for å laga ei oppsummering av dei erfaringane ein har gjort i denne sesongen. Men alt no kan ein seia at det kan vera svært aktuelt å ha samlingane opne i om lag same omfang neste sommar.

FAKTA

I 1997 vedtok kommunestyret m.a. å oppretta eit styre for Kvamsdals fargerier. Styret fekk ”ansvar for planlegging og tilrettelegging i nært samarbeid med eigarane og fylket”, står det i vedtaket pkt. 5.

Og i pkt. 6 vert det sagt at museumsstyret vert overbygning både for Kvamsdals fargerier og Sandnes nothus.

Dei siste åra har ikkje styret vore i funksjon sidan det ikkje har vore aktivitet i fargeriet eller nothuset. Det har ikkje vore halde styremøte sidan juli 2000.

VURDERING

Når det no på nytt er blitt aktivitet i samlingane, er det bruk for eit styre som får i oppgåve å gjera ein del prinsipielle vedtak omkring drift av musea. Det bør difor veljast eit nytt styre.

KONKLUSJON

Det vert oppretta eit felles styre for Kvamsdals fargerier og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Styret vert samansett slik:

1 representant for eigarane av fargeriet Magnhild Kvamsdal Hope har sagt seg villig til å vera med.

1 representant for rådmannen

1 representant for Museumssenteret i Salhus

1 representant for kommunestyret

1 representant for Sandnes Vel

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.09.2008	064/08	Alf Strand
Kommunestyret	23.09.2008	064/08	Alf Strand

Arkiv: N-258	Arkivsaknr.: 08/456
--------------	---------------------

SAK 064/08 - KULTURFOND

KS-064/08 VEDTAK :

1 Avkastninga av kulturfondet skal brukast til å fremja kulturaktivitet og på den måten skapa grunnlag for eit rikare kulturelt liv i vår kommune.

2 Avkastninga skal brukast til å gje innbyggjarane i Masfjorden gode kulturopplevingar, t.d skal lag/organisasjonar her kunna søkja underskotsgaranti dersom dei vil satsa på å få anerkjente artistar hit.

3 Det er høve til å bruka av avkastninga til tiltak som kan engasjera og vidareutvikla våre eigne lokale utøvarar, t.d. gjennom å leiga inn profesjonelle utøvarar som inspiratorar innan song-, musikk, teater, dans og andre kunstformer. Det kan òg søkjast støtte til å dekkja kursutgifter til ungdommar som vil ut og skaffa seg meir kunnskap og inspirasjon innan desse områda.

4 Ein kan søkja om å få bruka midlar til prosjekt som handlar om å nytta kultur i næringssamanheng.

5 Avkastninga kan og brukast til å fremja internasjonalt samarbeid for ungdom.

Ordninga med kulturfond vert administrert av rådmannen. Søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Alle søknader og tildelingar skal refererast for formannskapet.

Finansiering

Heimel

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Siri Kratzmeier, KrF, gjorde framlegg om eit tillegg til siste setning.

Alle søknader og tildelingar skal refererast i formannskapet.

Framlegg til vedtak pkt 1 til pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Pkt 5 med tilleggsframlegget frå KrF vart samrøystes vedteke.

FS-064/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1 Avkastninga av kulturfondet skal brukast til å fremja kulturaktivitet og på den måten skapa grunnlag for eit rikare kulturelt liv i vår kommune.

2 Avkastninga skal brukast til å gje innbyggjarane i Masfjorden gode kulturopplevingar, t.d skal lag/organisasjonar her kunna søkja underskotsgaranti dersom dei vil satsa på å få anerkjente artistar hit.

3 Det er høve til å bruka av avkastninga til tiltak som kan engasjera og vidareutvikla våre eigne lokale utøvarar, t.d. gjennom å leiga inn profesjonelle utøvarar som inspiratorar innan song-, musikk, teater, dans og andre kunstformer. Det kan òg søkjast støtte til å dekkja kursutgifter til ungdommar som vil ut og skaffa seg meir kunnskap og inspirasjon innan desse områda.

4 Ein kan søkja om å få bruka midlar til prosjekt som handlar om å nytta kultur i næringsssamanheng.

5 Avkastninga kan og brukast til å fremja internasjonalt samarbeid for ungdom.

Ordninga med kulturfond vert administrert av rådmannen. Søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Alle tildelingar skal refererast for formannskapet.

Det skjedde i Formannskapet den 16.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1 Avkastninga av kulturfondet skal brukast til å fremja kulturaktivitet og på den måten skapa grunnlag for eit rikare kulturelt liv i vår kommune.

2 Avkastninga skal brukast til å gje innbyggjarane i Masfjorden gode kulturopplevingar, t.d skal lag/organisasjonar her kunna søkja underskotsgaranti dersom dei vil satsa på å få anerkjente artistar hit.

3 Det er høve til å bruka av avkastninga til tiltak som kan engasjera og vidareutvikla våre eigne lokale utøvarar, t.d. gjennom å leiga inn profesjonelle utøvarar som inspiratorar innan song-, musikk, teater, dans og andre kunstformer. Det kan òg søkjast støtte til å dekkja kursutgifter til ungdommar som vil ut og skaffa seg meir kunnskap og inspirasjon innan desse områda.

4 Ein kan søkja om å få bruka midlar til prosjekt som handlar om å nytta kultur i næringsssamanheng.

5 Avkastninga kan og brukast til å fremja internasjonalt samarbeid for ungdom.

Ordninga med kulturfond vert administrert av rådmannen. Søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Alle tildelingar skal refererast for formannskapet.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

RETNINGSLINER FOR BRUK AV AVKASTNINGA AV KULTURFONDET

Masfjorden kommunestyre gjorde i budsjettmøtet 13.12.07, sak 127/07, slikt vedtak om kulturfond:

”6. Masfjorden kommune har intensjon om å byggje opp eit kulturfond der avkastninga av fondet skal brukast til å fremja kulturaktivitet ut over dagens kulturtilbod. Kultur er eit viktig satsingsområde for å oppnå det overordna målet med å få fleire innbyggjarar til kommunen.

Intensjonen er at det i den inneverande 4 års perioden vert sett av til saman kr. 1.000.000 i eit kulturfond.

I budsjettet for 2008 vert det sett av kr. 500.000 som startkapital til eit kulturfond.

Rådmannen vert beden om å innarbeide dette i samband med saldering av budsjettet i februar 2008.

Rådmannen skal innan 01.07.2008 leggje fram forslag til retningslinjer for bruk av avkastninga av fondet.“

Kommunestyret vedtok i møtet 26. mai 2008, sak 38/08, korleis startkapitalen til fondet skal finansierast.

I kommunestyremøtet 19/6 2008 la rådmannen fram eit utkast til retningslinjer.

Kommunestyret gjorde slikt vedtak: Saka vert lagt fram for kommunestyret under skriv og meldingar no og vert førebudd til handsaming hausten 2008.

VURDERING

Framlegget til retningslinjer vart drøfta på møtet i arbeidsgruppa for ungdom og kultur onsdag 20. august 2008. I møtet kom gruppa med innspel om at det er viktig at avkastninga av fondet må kunne brukast til å senda ungdommar på kurs innan ulike kunstformer. Gruppa ville og at idrett burde komma inn under retningslinjene for kulturfondet. Rådmannen sitt framlegg til vedtak er endra etter drøftingane i dette møtet.

I kommunestyremøtet 19. juni vart det stilt spørsmål om korleis avkastninga av fondet skal administrerast. Rådmannen meiner at ordninga med kulturfond skal styrast av rådmannen. Tildelinga av midlar vert referert i formannskapet.

KONKLUSJON

Rådmannen gjer framlegg om følgjande retningsliner for bruk av avkastninga av fondet:

1 Avkastninga av kulturfondet skal brukast til å fremja kulturaktivitet og på den måten skapa grunnlag for eit rikare kulturelt liv i vår kommune.

2 Avkastninga skal brukast til å gje innbyggjarane i Masfjorden gode kulturopplevingar, t.d skal lag/organisasjonar her kunna søkja underskotsgaranti dersom dei vil satsa på å få anerkjente artistar hit.

3 Det er høve til å bruka av avkastninga til tiltak som kan engasjera og vidareutvikla våre eigne lokale utøvarar, t.d. gjennom å leiga inn profesjonelle utøvarar som inspiratorar innan song-, musikk, teater, dans og andre kunstformer. Det kan òg søkjast støtte til å dekkja kursutgifter til ungdommar som vil ut og skaffa seg meir kunnskap innan desse områda.

4 Ein kan søkja om å få bruka midlar til prosjekt som handlar om å nytta kultur i næringsssamanheng.

5 Avkastninga kan og brukast til å fremja internasjonalt samarbeid for ungdom.

Ordninga med kulturfond vert administrert av rådmannen. Søknader vert handsama etter kvart som dei kjem inn. Alle tildelingar skal refererast for formannskapet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2008	065/08	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-022.3	Arkivsaknr.: 08/567
----------------	---------------------

SAK 065/08 - RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA - ETABLERING OG DRIFT

KS-065/08 VEDTAK:

Saka vert utsett og oversendt Brukarutvalet som saman med dei oppnemnde brukarrepresentantane går gjennom opplegg for samordning mellom Brukarutvalet og nytt råd for funksjonshemma.

Finansiering

Drift av rådet vert innarbeidd i budsjett 2009.

Heimel

Lov av 2005-06-17 nr 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m

Utskrift til:

Dei valde

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Laila S. Reknes, Ap, gjorde framlegg om at saka vert utsett.

Grunngjeving for dette er at saka ikkje har vore handsama i Brukarutvalet, slik det var sagt i vedtaket frå kommunestyret, sak 103/07 den 25.10.07.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte om at det her har skjedd ein glipp og rår difor til at saka vert utsett og oversendt Brukarutvalet for handsaming slik Ap gjer framlegg om. Rådmannen gjorde og framlegg om at dei oppnemnde brukarrepresentantane og vart innkalla til møte i brukarutvalet når denne saka skulle drøftast.

Laila S. Reknes sa at ho er leiar i Brukarutvalet og ber om at administrasjonen no må arbeida for å få dette utvalet opp og gå.

Utsettingsframlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert etablert eit råd for personar med nedsett funksjonsevne (Råd for funksjonshemma) i Masfjorden.

Rådet skal ha 5 faste medlemmer der 3 er oppnemnt frå brukargruppene og 2 frå kommunestyret.

Etter at rådet er konstituert vert det utarbeidd framlegg til mandat/retningslinjer for rådet. Dette skal handsamast i rådet sjølv, brukarutvalet og endeleg vedtakast i kommunestyret.

Kommunestyret vel fylgjande personar som medlemmer i råd for funksjonshemma:

.....

.....

Finansiering

Drift av rådet vert innarbeidd i budsjett 2009.

Heimel

Lov av 2005-06-17 nr 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m

Utskrift til:

Dei valde

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	05.09.2008	Lovdata	Lovdata om råd for funksjonshemma

Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m av 17.06.2005

Rundskriv A-28/2007 Om lova

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Lova skal sikre representasjon og at personar med nedsett funksjonsevne direkte eller indirekte får sitt syn høyrte i kommunale saker og beslutningsprosessar.

Eit alternativ etter lova er å slå saman oppgåvene til eldrerådet og aktuelt råd. Eldrerådet har tidlegare drøfta dette. Eldrerådet ynskjer ikkje ei slik ordning.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Lova vart iverksett frå 10.09.07. Organisering av rådet liknar organisering av eldrerådet.

Målgruppe:

I forarbeidet til lova (ot.prp. 87 04/05) er målgruppa definert. Dette er ein brei definisjon som femnar både større og mindre funksjonsnedsetjingar fysisk med eks syn/hørsel, allergi, hjarte, lunge osv og psykiske lidingar av ulik art. Gjennomgåande må funksjonsnedsetjinga ha konsekvensar for samspel med omgjevnadene fysisk og eller sosialt.

Oppgåver:

Rådet skal medverke til betre samspel mellom kommunen og gruppa. Dette skal skje gjennom medverknad i alle saker som vedkjem gruppa. Dette kan vere einskildsaker eller i større planprosessar. Det er anbefalt at rådet skal konsentrere seg om større og overgripande saker.

Oppnemning og samansetjing:

Kommunestyret fastset talet på representantar. Leiar og nestleiar skal oppnemnast av kommunestyret. Oppnemninga gjeld for valperioden.

I utgangspunktet vert det tilrådd å fylgje modell frå eldrerådet. Dette inneberer eit råd på 5 medlemmer der 3 er får brukargruppene og 2 oppnemnd frå kommunestyret.

19.08.08 gjennomførte administrasjonen i samarbeid med fysioterapeut og helsesyster eit møte med foreldre til funksjonshemma barn. På dette møtet vart det drøfta funksjon, rolle og oppgåver til eit råd for funksjonshemma. Kommunen nyttar mykje ressursar på denne gruppa, det er ei gruppe med behov som er i endring, som krev planlegging i tett kontakt med foreldra.

Gruppa valde to personar som deltakarar i rådet. Administrasjonen tilrår at det er to personar frå denne gruppa og ein representant for andre grupper. Det er vektlagt at personane er pårørande til barn/ungdom med ulike typar funksjonsnedsetjing og ulike typar behov for tilbud og møte og planlegging med kommunen og det offentlege.

Gruppa har valgt:

Anne Kari Mjanger

Laila Nyland

Bernhard Krokås som vara.

Rådmannen tilrår ellers at leiar i dette rådet får møte/talerett i kommunestyret tilsvarande ordning for leiar i eldrerådet.

Eldrerådet har også god erfaring med å ha ordfører som ein av medlemmene, kommunestyret må ta stilling til om ordfører skal vere ein av medlemmene i dette rådet.

VURDERING

KONKLUSJON

Det vert etablert eit råd for personar med nedsett funksjonsevne (Råd for funksjonshemma) i Masfjorden. Rådet skal ha 5 faste medlemmer der 3 er oppnemnt frå brukargruppene og 2 frå kommunestyret. Etter at rådet er konstituert vert det utarbeidd framlegg til mandat/retningslinjer for rådet.

Dette skal handsamast i rådet sjølv, brukarutvalet og endeleg vedtakast i kommunestyret.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2008	066/08	Håkon Matre

Arkiv: N-022.1	Arkivsaknr.: 08/680
----------------	---------------------

SAK 066/08 - SØKNAD OM PERMISJON FRÅ POLITISKE VERV

KS-066/08 VEDTAK:

Kommunestyret gjev Dina K. Dyrhovden fritak for sine politiske verv i kommunestyre og formannskap ut 2008.

Finansiering

Heimel

Kommunelov § 15 pkt. 2

Utskrift til:

Dina K. Dyrhovden, 5984 Matredal
Gruppeleiar i Ap, Liv Oda Dale, 5986 Hosteland

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret gjev Dina K. Dyrhovden fritak for sine politiske verv i kommunestyre og formannskap ut 2008.

Utskrift til:

Dina K. Dyrhovden, 5984 Matredal
Gruppeleiar i Ap, Liv Oda Dale, 5986 Hosteland

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
----	---	----------	-------------------	--------

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Dina K. Dyrhovden søker om permisjon frå sine politiske verv ut året.

Grunngjeving er at ho den 11. august i år starta opp som ny leiar i NAV Masfjorden. Ho peikar på at det er mykje nytt å setja seg inn i.

Som politiskar ynskjer ho å gjera ein god jobb og denne hausten vil ho ikkje ha kapasitet til å setja seg godt nok inn i sakene.

Ho søker difor om permisjon ut året.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Dina K. Dyrhovden er medlem av kommunestyret og formannskapet, fast utval for plansaker og administrasjonsutvalet.

VURDERING

I kommunelova § 15 pkt 2 står det:

"Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikkje uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet."

Ordførar forstår grunngjevinga som søkjar har gjeve og ser ikkje noko problem i å etterkoma søknaden om permisjon.

Det vil bli gjeve melding til Masfjorden arbeidsparti v/gruppeleiar om at ein bruka varamedlem for Dina i denne perioden.

KONKLUSJON

Kommunestyret gjev Dina K. Dyrhovden fritak for sine politiske verv i kommunestyre og formannskap ut 2008.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2008	067/08	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-016	Arkivsaknr.: 08/543
--------------	---------------------

SAK 067/08 - REGIONRÅDET NORDHORDLAND IKS - NY SELSKAPSAVTALE - KOMMUNAL GODKJENNING

KS-067/08 VEDTAK:

Endring av selskapsavtalen for Regionrådet Nordhordland IKS vert godkjent slik den ligg føre.

Utskrift til:

Regionrådet Nordhordland IKS pb. 13, 5902 Isdalstø

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Endring av selskapsavtalen for Regionrådet Nordhordland IKS vert godkjent slik den ligg føre.

Finansiering

Heimel

Utskrift til:

Regionrådet Nordhordland IKS pb. 13, 5902 Isdalstø

SAKSTILFANG:

Ligg ved:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	08.07.2008	Regionrådet Nordhordland IKS v/Jostein Skråmestø	Ny selskapsavtale for Regionrådet Nordhordland IKS - kommunal godkjenning
3	I	12.09.2008	Austrheim kommune	Møteutskrift frå Austrheim kommunestyre om Regionrådet IKS - endring av selskapsavtalen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

På representantskapsmøte den 13.06.08, handsama representantskapet framlegg om endringar i selskapsavtalen for selskapet:

Ny siste setning i § 2:

”Driva evaluering og utviklingsarbeid for å identifisera samarbeidstiltak som medverkar til å sikra ein effektiv kommunal tenesteproduksjon med høg kompetanse”.

Ny siste setning i § 8:

”Selskapet har rekneskapsplikt etter kommunale rekneskapsprinsipp.”

Framlegga vart samrøystes vedtekne og kan gjerast gjeldande fyrst når alle kommunestyra har slutta seg til vedtaket.

Regionrådet Nordhordland IKS ber om tilbakemelding med utskrift av vedtak frå den einskilde kommune innan 01. november 2008.

FAKTA

Kommunale vedtak:

Endringar i selskapsavtalen må godkjennast av kommunestyra i alle medlemskommunane.

VURDERING

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.09.2008	065/08	Trude Tynning Nystrand
Kommunestyret	23.09.2008	068/08	Trude Tynning Nystrand

Arkiv: N-036	Arkivsaknr.: 08/629
--------------	---------------------

SAK 068/08 - OPPGRADERING AV ØKONOMISYSTEMET - ORIENTERINGSSAK

KS-068/08 VEDTAK:

Forprosjekt vert iverksett, saka kjem attende når kostnadsoverslag er på plass.

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS-065/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Forprosjekt vert iverksett, saka kjem attende når kostnadsoverslag er på plass.

Det skjedde i Formannskapet den 16.09.2008:

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forprosjekt vert iverksatt, saka kjem attende når kostnadsoverslag er på plass.

Finansiering

Heimel

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune nyttar økonomisystemet Agresso. Med jamne mellomrom er det naudsynt med oppgradering av systemet og innføring av nye tenester/program for å vere oppdatert og ha best mogleg ressursutnytting og kapasitet. Lønssystemet som Masfjorden kommune nyttar er NLP frå EDB (tidl IBM).

FAKTA

Oppgradering av økonomisystemet/innføring av fakturaskanning:

Ved oppgradering frå Agresso 5.4 til Agresso 5.5 vert brukargrensesnittet forbetra, og systemet er betre tilpassa brukarar som nyttar systemet til oppslagsverk (for eksempel leiarar på ulike einingane).

Det er tilrettelagt for webgrensesnitt, ved til døme godkjenning av faktura elektronisk.

Ein viktig del av oppgraderinga er fakturaskanning. Det vil seie at mottekne faktura vert skanna inn sentralt, og dei ulike einingane i kommunen mottek fakturane elektronisk og tilviser elektronisk. Fordelar med fakturaskanning er m.a. at ein heile tida har kontroll på kvar fakturaene er, og ingenting "forsvinn" eller vert liggjande. Ein har kontroll på kor lenge ein faktura er i systemet, og ved ein evt. betalingspåminning er der lett å finne fram til originalfakturaen for kontroll. Det vert vesentleg mindre manuelt arbeid, spesielt inntastingsarbeidet, men det vert brukt meir tid på kontroll av faktura.

Alternative økonomisystem vil verte vurdert i prosessen, ut frå behov og kostnad.

Lønssystemet:

Kommunen nyttar lønssystemet NLP frå EDB. Det noverande systemet kjem til å fungere i ca 3- 4 år til, før ein må skifte system. I følge EDB så vil overgangen til nytt systemet ikkje ha noko investeringskostnad, men likevel er det behov for opplæring/konsulenthjelp, slik at ein må rekne med kostnader likevel.

I samband med oppgradering av økonomisystemet må ein vurdere om ein ønskjer å skifte lønssystem frå NLP til Agresso sitt lønssystem. Dette for å betre integriteten og ha ein leverandør å forhalde seg til.

Det vil òg bli vurdert alternative løysingar som er på markedet ut frå behov og kostnad.

Kostnader:

Som utgangspunkt har ein tilbodet frå ErgoGroup AS på oppgradering av økonomisystemet, innføring av fakturaskanning og innføring av Agresso Løn.

Oppgradering av Agresso 5.4 til 5.5.: omlag kr. 240 000,-
(årleg vedlikehold og brukarstøtte kjem på 10 000,- i tillegg)

Innføring av fakturaskanning: omlag kr. 280 000,-
(årleg vedlikehold og brukarstøtte kjem på kr 65 000,- i tillegg.)

Innføring av Agresso løn: omlag kr 470 000,-
(årleg vedlikehold og brukarstøtte kjem på kr 60 000,- i tillegg)

I tillegg må ein rekne kostnader for km, diett og reisetid ut frå estimert bruk av timar/dagar.
Dette utgjør om lag kr 150 000,-

Totalt gjev dette eit førebels prisoverslag på kr 1 275 000,-

Prosjektgruppe:

Det er oppretta ei prosjektgruppe som skal arbeide vidare med saka. Gruppen er sett saman av folk frå løn- og personalavdelinga, kommunekassen og IKT.

VURDERING

Ein må sjå oppgradering, innføring av fakturaskanning og endring i lønssystem under eitt. Ein må vurdere Agresso sitt tilbud opp mot alternative system, ut frå kommunen sitt behov og kostnadane det fører til.

Ved vidare bruk av Agresso vil prosessen med oppgradering av økonomisystemet gå over ein 3 mnd periode, der ein startar med å oppgradere Agresso frå 5.4 til 5.5, og sidan innføre fakturaskanning.

Det er ein omfattande og kostnadskevande prosess, men ut frå erfaring frå andre kommunar så ser dei på oppgradering og innføring av fakturaskanning som ein positiv gevinst totalt.

Eit eventuelt skifte av lønssystem tek ein i etterkant av oppgraderinga av økonomisystemet/fakturaskanning. Tidsperspektiv på dette er det vanskeleg å seie noko om pr. dags dato, men tenkjeleg kan vere at nytt lønssystem er oppe å gå frå 1.1.2010.

KONKLUSJON

Ut i frå ovannemnde opplysningar må ein ta stilling til og få godkjenning på at prosjektet vert jobba vidare med ut i frå fakta ein har pr. dags dato.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	16.09.2008	012/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2008	069/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/481
----------------	---------------------

SAK 069/08 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL INVESTERINGAR I FRISØRSALONG PÅ HOSTELAND - HEGE SØVIK

KS-069/08 VEDTAK:

1. Hege Merete Molland Søvik får eit tilskot på kr. 30.000,- til vidareutvikling av frisørsalong på Hosteland
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 23.09.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

Utskrift til:

Hege M Søvik, 5986 Hosteland

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Vigdis Søvik, Sp, sa seg ugild i denne saka grunna slektskap.

Kommunestyret var samrøystes i at Søvik var ugild.

Søvik forlet møtet.

Det møtte ingen vara for Søvik.

Tilrådinga frå Kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT-012/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Hege Merete Molland Søvik får eit tilskot på kr. 30.000,- til vidareutvikling av frisørsalong på Hosteland
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 23.09.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

Utskrift til:

Hege M Søvik, 5986 Hosteland

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 16.09.2008:

Vigdis Søvik hadde på førehand sagt seg ugild i denne saka sidan ho er i slekt med søkjar.

Bjørn Egil Nordland møtte som vara.
Ass. Rådmann orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Hege Merete Molland Søvik får eit tilskot på kr. 30.000,- til vidareutvikling av frisørsalong på Hosteland
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 23.09.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

Heimel

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.06.2008	Hege M Søvik	Søknad om tilskot frå kraftfondet til investeringar i frisørsalong vev byte av lokale
3	I	30.07.2008	Hege M. Søvik	Tilleggsopplysningar til tidlegare innsendt søknad
4	U	29.08.2008	Hege M Søvik	vedk. søknad om støtte gjennom kraftfondet - framdrift

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Søvik ønskjer å søkje midlar frå kraftfondet på grunn av økonomiske investeringar ved byte av lokale. På grunn av auke i kundetilstrøyminga vil ho få behov for og tilsetje ein medarbeidar. Kundegrnlaget har auka jamt sidan eg starta opp mars 2003. Noverande lokale vert for lite for to frisørar, og tilbodet om eit nytt lokale gjer at mine framtidige investeringar vil verte større enn tidlegare. Etter synfaring i det nye lokalet ser ein at det er mykje som må gjerast. Sidan lokalet framleis er i bruk av noverande leietakar har det på grunn av inventaret vore vanskeleg å ta skikkelege mål for og få det rette utrekningsgrunnlaget i samsvar til dagens satsar hjå elektrikar, snikkar og røyrleggjar.

Det vert søkt om støtte frå kraftfondet på kr. 100.000,-.

FAKTA

Søknad om lån/ tilskot frå kraftfondet

Namn: Hege M Søvik

Adresse: 5986 Hosteland

Kontaktperson: Hege M Søvik

Telefon: 56 36 72 17

Bransje: Frisør

Etableringsår: 2003

Antal tilsette: 1

Føretaksnummer, eventuelt personnummer: 98546 2925 mva

Kort beskriving av verksemda: driver frisørsalong, klipper/ farger, sel hårprodukt.

Søknadsføremål: bygningsmessige investeringar, maskiner og driftstilbehør.

Verksemda har tidlegare motteke lån/ tilskot frå kraftfondet.

Kraftfondsstyret handsama søknaden i møte den 8.12.03, som sak 14/03, og det vart gjort slikt vedtak:

FIX IT frisør v/ Hege Merete Molland Søvik får eit tilskot på kr. 30.000,- til etablering av frisørsalong på Hosteland

1. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg revidert prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
2. Frist til å nytte seg av tilskotet er 8.12.2005
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Leiinga i verksemda: Hege M Søvik, 31 år, 3 årig vidaregåande skule. Jobba i frisørbransjen sidan 1997.

Selskapet er eit enkeltmannsføretak.

Søknadsprosjektet gjeld oppussing av nytt lokale og nytt utstyr;

Kostnadsoverslag oppussing, maling	25.035
Golv	17.040
Røyrleggjar	10.200
Elektrikar	5.000
Punktavsug	20.000
Reserve	10.000
Kostnadsoverslag nytt utstyr, 2 veggspeil	14.000
2 stolar	17.000
3 salshyller	16.500
Klyppesakser	6.000
Nakkemaskiner	3.000
Samla investering med om lag	144.000,-

pkt 8.

Ved søknaden låg årsmelding for dei tre siste åra. Som ein kan sjå ut i frå papira er året 2007 betrakteleg mykje dårlegare enn dei to føregåande år. Dette er ei årsak av langtidssjukemelding med påfølgjande svangerskapspermisjon. Dersom 2007 hadde vore eit "normalt" år ville dei tre siste åra hatt eit godt resultat der den økonomiske stillinga og likviditeten hadde vore god.

Sidan salongen vart flytta inn i nyoppussa lokale hausten 2004 har det ikkje vore nødvendig med investeringar eller påkostningar.

Pkt 9.

Planen over framtidig drift – større aktivitet gjennom auka kundegrunnlag.

Pkt 10.

Marknaden til verksemda.

Bedrifta er ein frisørsalong der dei viktigaste kundegruppene er dei som klipper seg. Ung som gammal. Dette betyr alle, men likevel er det nødvendig og jobbe/ yte service for å behalde kundemassane. Det har vist seg at kundegrunnlaget har vorte stort, og ventelistene har dermed vorte lange. Ut i frå dette har eg ikkje drive med noko marknadsføringstiltak. Eller ein kan seie kanskje det beste tiltaket har vorte brukt: fornøgde kundar. Dette har gjort at avstanden kundane har kome i frå har vore lang (Bjordal).

Mine nærmaste konkurrentar er for tida Erna frisørsalong på Dalsøyra og to salongar på Lindås. Ifrå juli vert det ingen andre frisørar på hosteland, dette er på grunn av nedlegginga av Lillian's frisørsalong.

VURDERING

Det vert no søkt om støtte til overgang til ny frisørsalong på Hosteland. Kommunen har tidlegare ytt tilskot til selskapet si etablering av frisørsalong på Hosteland.

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Drifta av frisørsalongen har gått til dels svært bra jf. vedlegg til søknaden.

I og med at selskapet/frisørsalongen har fått støtte til same føremål tidlegare, vil ein ikkje i møtekomme søkjar når det gjeld storleik på støtte, men vil tilrå at det vert gitt støtte med fokus på at det vert skipa 1 ny stilling i selskapet.

KONKLUSJON

Det vert gitt eit tilskot på kr. 30.000 til overgang av nye lokaler og til nytt utstyr.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	16.09.2008	013/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2008	070/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/480
----------------	---------------------

SAK 070/08 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL MASFJORDEN NATURSENTER V/MAGNE SLEIRE

KS-070/08 VEDTAK:

1. Masfjorden Natursenter v/Magne Helge Sleire får eit tilskot på kr. 100.000,- til forprosjekt natursenter
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg revidert prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 23.09.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering:

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

Heimel:

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Jan Otto Daae spurde om han var ugild sidan han er nabo til dette bruket som er aktuelt for Masfjorden Natursenter og har økonomiske interesser i dette.

Ordførar sa at sidan det her var snakk om eit forprosjekt for å utgreia saka, trudde han ikkje at Daae var ugild.

Det vart røysta over om Jan Otto Daae var ugild.

Kommunestyret var samrøystes i at Jan Otto Daae er gild i denne saka.

Jan Otto Daae, Ap, sa at han vil stemma imot framlegget.

Grunngjeving:

- Masfjorden kommune har gjeve tilskot til Stemma
- Ein annan nabo leiger jorda og har dette bruket som ein del av inntektsgrunnlaget sitt.
- Bustadfeltet i Skjelsundet der Jan Otto Daae har interesser.

Røysting:

Det var røysta punkt for punkt over tilrådinga frå kraftfondsstyret.

Pkt 1 vart vedteke med 16 mot ei røyst. (ein frå Ap)

Pkt 2-4 vart vedteke med 16 mot ei røyst. (ein frå Ap)

Heile framlegget vart vedteke med 16 mot ei røyst. (ein frå Ap)

KRFT-013/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Masfjorden Natursenter v/Magne Helge Sleire får eit tilskot på kr. 100.000,- til forprosjekt natursenter
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg revidert prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 23.09.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering:

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

Heimel:

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 16.09.2008:

Laila Solhug Reknes, Ap, tok opp spørsmål om ein leigeavtale på det aktuelle bruket ville kunna få konsekvensar for saka.

Ordførar svara at det i så fall ville vera ei privatrettsleg sak.
Vurdering i høve dette vil uansett bli belyst i forprosjektet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden Natursenter v/Magne Helge Sleire får eit tilskot på kr. 100.000,- til forprosjekt natursenter
2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg revidert prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.
3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 23.09.2010
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering:

Bruk av kraftfondet, balansekonto 2.5700.001

Heimel:

Vedtektene for kraftfondet §§ 3a. & 5

Utskrift til:

Masfjorden Natursenter v/Magne Helge Sleire, 5986 Hosteland

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	13.06.2008	Masfjorden Natursenter v/Magne Helge Sleire	Søknad om tilskot frå kraftfondet til Masfjorden Natursenter
3	I	02.09.2008	Masfjorden natursenter v/Magne Helge Sleire	Tilleggsopplysningar til søknad om tilskot til forprosjekt

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Det vert søkt om eit tilskot på kr. 150 000 til Masfjorden Natursenter. Midlane skal brukast til ei forundersøking av heile prosjektet. Bygning, økonomi og om det er grunnlag for å kunne etablere Masfjorden Natursenter på Holsøy.

FAKTA

Namn: Masfjorden Natursenter
Adresse: 5986 Hosteland
Kontaktperson: Magne Helge Sleire
Kort beskriving av verksemda: senter for formidling av kunnskap om natur og kultur. Gjenreise og restaurere gamle bygningar i det aktuelle området på Holsøy. Oppbygging av dyrepark.


Det vert søkt om eit tilskot på kr. 150 000.

Verksemda har ikkje motteke tilskot frå kraftfondet tidlegare.

Kort grunnlegging for investeringa/ prosjektet:

Midlane skal brukast til ei forundersøking av heile prosjektet. Bygning, økonomi og om det er grunnlag for å kunne etablere Masfjorden Natursenter på Holsøy.

Finansieringsplan:



Kredittinstitusjon	Beløp
Masfjorden kommune, kraftfondet	150 000 kr
Innovasjon Noreg	100 000 kr
Eigenkapital	
eige arbeid	200 000 kr
Sum eigenkapital	200 000 kr
Total sum finansiering	450 000 kr

Tilleggsopplysningar til søknad til kraftfondet, forprosjekt, Masfjorden Naturparksenter (e-post av 31.8.08 gjengitt under).

Forprosjektet:

Forprosjektet skal avklare om mulighetene er tilstede for å kunne starte opp Masfjorden Natursenter, både når det gjelder økonomisk realisme i prosjektet og omfanget av senteret. Når undersøkelsene er ferdigstilt, skal en kunne vurdere hele realismen i prosjektet for deretter kunne eventuelt starte fase 2. Finansiering og Bygging, Vi tar sikte på at det vil foreligge en rapport våren 2009.

Det er svært viktig å ta en usikkerhetsanalyse av prosjektet. Dette blir gjort etter at deler av forprosjektet har innhentet relevante opplysninger til bruk i usikkerhetsanalysen.

Det usikkerhetsanalysen bl.a. skal gjøre:

hendelsesregister (både utfordringer og muligheter)

Tiltaksregister

Diagram for de 10 øverst prioriterte usikkerheter

Trippeltanslag for kostnadsestimatet

Trippeltanslag for Hendelsesusikkerhet

Samlet presentasjon s – kurve for kostnader ved forskjellige sannsynligheter.

Estimatverdier/usikkerhetsavsetning ved 50% sannsynlighet og 85% sannsynlighet

Totalt usikkerhetsspenn ved 1 standardavvik

Budsjett:

Økonomisk analyse:	150.000
Usikkerhetsanalyse:	80.000
Arkitekter	220.000
Diverse konsulent tjenester	50.000

TOTAL **500.000**

Fremdriftsplan for prosjektet:

Sonderinger:	april 2007- mai 2008
Forprosjekt	november 2008- mai 2009
Finansiering:	august 2009- januar 2011
Start bygging	mai 2011

Fremdriftsplan for forprosjektet:

Start forprosjekt	november 2007
Slutt forprosjekt	mai 2008

Magne Sleire møtte i kommunestyret den 22. april 2008 for å orientera om prosjektet sitt, planlegging/bygging av eit Natursenter i Masfjorden, lokalisert til Arekletten.

Prosjektet går ut på å bygga ut eit opplevingssenter som inneheld blant anna: Leirskule, planlegging av 60 overnattingsplassar, bygga hus i den gamle byggestilen der ein kan halda seminar for bedrifter og andre. Det er og tenkt å få til dyrepark, hjortesenter osv.

Oppbygginga er tenkt over ein 5 års periode. Det vil fyrst bli utarbeidd eit forprosjekt som vil kartleggja om prosjektet er liv laga.

Nokre sentrale forhold frå vedtektene og retningslinene for kraftfondet;

§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

- **Bedriftsutvikling,**

til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND (innovasjon Noreg) for vurdering (jf. § 2 i retningslinene for kraftfondet).

VURDERING

Prosjektet/ideén er spennande og vil gje positive verknader for kommunen ved realisering. Forprosjekt er noko som fell inn under stønadsformer som kraftfondet kan støtte.

Kapitalbehovet ved realisering av tiltaket gjer at kraftfondet kan nyttast til forprosjektet – men er ingen aktuell finansieringskilde ved gjennomføring/utbygging av natursenteret.

All offentlig støtte skal samordnast, i dette tilfelle (forprosjektet) er det søkt støtte både gjennom kraftfondet og innovasjon Noreg i tillegg til verdien av eige arbeid. Ein reknar med at innovasjon Noreg er ei mogleg finansieringskilde ved gjennomføring av tiltaket – men at sum offentlig støtte ved totalprosjektet kjem under 25% av det samla kapitalbehovet.

Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrong enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktpolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing:

- Investeringar (verksemder) kr. 80.000,-
- Utvikling av verksemd kr. 40.000,-
- Grunnlagsinvesteringar kr. 200.000,-
- Tiltaksprosjekt kr. 100.000,-

For dette tiltaket er det såleis ei avgrensing i høve retningslinene for kraftfondet at det kan gjevast støtte med inntil 100.000,-.

KONKLUSJON

Ein tilrår at det vert gitt støtte til forprosjektet med 100.000,- som er maks støtte til slike føremål, og at dette er det Masfjorden kommune ved kraftfondet kan støtte det prosjektet med.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	16.09.2008	015/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2008	071/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 08/7
----------------	-------------------

SAK 071/08 - SØKNAD OM LÅN OG TILSKOT I KRAFTFONDET BYGNINGSMESSIGE INVESTERINGER I HELSEFORETAK - ELEXOMA NORDIC AS

KS-071/08 VEDTAK :

- 1. Det vert gjeve tilskot på kr. 40.000,- til Elexoma Nordic AS til marknadsføring /bedriftsutvikling.**
- 2. 50% av tilskotet vert utbetalt når kommunen får melding om at prosjektet vert realisert, medan resttilskotet vert utbetalt når prosjektet er gjennomført og det føreligg revidert prosjektrekneskap for prosjektet i tråd med søknadsmateriale.**
- 3. Frist til å nytte seg av tilskotet er 23.09.2010**
- 4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

Utskrift til:

Elextoma Nordic As v/Andreas Kratzmeier, Frøyset, 5986 Hosteland

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Siri Kratzmeier hadde på førehand sagt seg ugild i denne saka.
Marit Steinestø møtte som vara i denne saka.

Ordfører peika på at det i tilrådinga frå kraftfondsstyret manglar pkt 2 og 3 som er standard i slike vedtak om tilskot.

Pkt 2 går på kva tid og kor mykje av tilskotet som skal utbetalast.

Pkt 3 går på frist for å nytte seg av tilskotet.

Pkt 2 i framlegget vert då pkt. 4.

Framlegg til vedtak frå med endringa frå ordfører med tillegg av nytt pkt 2 og 3, vart samrøystes vedteke.

KRFT-015/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Det vert gjeve tilskot på kr. 40.000,- til Elexoma Nordic AS til marknadsføring/bedriftsutvikling.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Utskrift til:

Elexoma Nordic As v/Andreas Kratzmeier, Frøyset, 5986 Hosteland

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 16.09.2008:

Ass. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, gjorde framlegg om eit tilskot på kr. 40.000 til Elexoma Nordic AS til marknadsføring/bedriftsutvikling.

Røysting:

Framlegg til vedtak m/endringsframlegget frå Sp vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert ikkje gjeve tilskot til Elexoma Nordic AS
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Utskrift til:

Elexoma Nordic As v/Andreas Kratzmeier, Frøyset, 5986 Hosteland

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	03.01.2008	Elexoma Nordic As v/Andreas Kratzmeier	Søknad om lån og tilskot i kraftfondet til bygningsmessige investeringar - helseføretak
2	U	06.02.2008	Elexoma Nordic As v/Andreas Kratzmeier	Vedk. søknad om lån og tilskot i kraftfondet til bygningsmessige investeringar - helseføretak
5	U	24.06.2008	Elexoma Nordic As v/Andreas Kratzmeier	Melding om vedtak - Søknad om lån og tilskot i kraftfondet til bygningsmessige investeringar - helseføretak
6	I	05.09.2008	Andreas Kratzmeier	Revidert søknad med driftsbudsjett om tilskot i Kraftfondet

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Sak framlagt for kraftfondstyret i juni 2008. Opphavleg søknad endra like før politisk handsaming. Saka vart difor utsett, og ny sak skulle fremjast med utgangspunkt i revidert søknad.

Det vert søkt om støtte til

1. fysisk tilrettelegging for næringsvirksomhet:
2. bedriftsutvikling: markedsføring plasseres her i vedtektene, og jeg ser en webbutikk som tilhører her, selv om den kunne defineres som 'utstyr ved oppstart'
3. investering i bedrifter: utstyr ved oppstart

på i alt kr. 160.000,-.

FAKTA

Punkt 1 Lånsøker :

Elexoma Nordic AS, 991 670 661 MVA, Frøyset, 5986 Hosteland

Dagleg leiar: Andreas Kratzmeier

Tilsette: ingen som er betalt ennå

Bransje: førebyggjande helsetiltak

Kort omtale av selskapet:

Sal av helserelevante produkt – spesielt produkt innafor 'førebyggjande helsetiltak'. Salet skjer med basis/utstillingsrom på Frøyset, via et seljarnettverk og ein internettbutikk.

Produkt:

1. Elexoma Medic og andre produkt av same familien
2. *ky*Bun- matter (*ky*Bounder)
3. Massasjestoler (formidlar både leasing og sal; blant kundane Radøy Ungdomsskole, Haukeland sjukehus, . .)
4. SpinalMouse

Punkt 2 Søknadsbeløp:

Det vert søkt om tilskot til:

- | | |
|----------------------------------|--------------|
| 1. Marknadsføring | kr. 40.000.- |
| 2. Driftstilbehør | kr. 80.000.- |
| 3. Bygningsmessige investeringar | kr. 40.000.- |

Punkt 3: Søknadsformål

Her har bare den delen av prosjektet som er igjen / ikkje ferdigstilt ennå blitt nøyare spesifisert:

Bygningsmessige investeringer:

Et utstillingsrom på ca 40 m² skal lages i en gammel kjeller med en vindusvegg. Rommet skal totalrenoveres, innlagt vannrørsystem skal fornyes:

Prosjektet er 90% ferdigstilt. Vannforsyningen skjer via egen borehull. Eksisterende rørsystem i og til kjelleren er for gammelt (ca 30år), rørleggeren krever utskiftning både i og utenfor kjellerrommet. Utenfor må den gamle ledningen graves og skiftes ut, Innvendig må vannrør samt koblinger fornyes. Prisanslag entreprenør ca 13.000.-, rørlegger m/ material ca 27.000.-.

Driftstilbehør:

Utstyr til ovennevnte senter, nærmere:

- SpinalMouse setup m/ pc, skjerm, bord, software og kamera kr. 75.000.-
- *ky*Bun –utstyr til utstillingsrommet – skal både brukes som det er tenkt å brukes samt ti demo: Gulvmatter (12kvm), *ky*Bun bord samt 1 *ky*Bun tredemøller til ryggterapi kr. 55000.-
- betalingsterminal, registrerkasse, hyller og småmaterial kr. 25000.-

Markedsføring:

Utvikling av en flerspråklig webside med video-demonstrasjoner av alle produktene samt internett-butikk med online betalingsløsning. (Målgruppe er Norge, Sverige, Danmark og Finland, websiden må lages på norsk, svensk og dansk, hvis mulig også på engelsk og tysk). Laging av brosjyrer på norsk (de svenske og danske brosjyrene lages av de som er lokalt ansvarlige i Sverige/Danmark)

Detter regner vi med vil koste ca 300.000.-. Domene har allerede blitt kjøpt, vi søker etter billigst mulig tilbud og håper å kunne redusere denne kostnadsposten. Vi søker om maksbeløp nevnt i vedtektene kr. 40.000.-

Alle priser nevnt er eks. moms etter prisliste / muntlig anslag.
Bedriften har ikke mottatt lån eller tilskudd tidligere.

Punkt 4 Firmaopplysninger, ledelse/personopplysninger, nettverk :

Elexoma Nordic AS er registrert som aksjeselskap med aksjekapital på kr. 100.000.-. Største aksjonær er Ingenuity AS (som igjen er eid av Andreas & Siri Kratzmeier og Dr. Jonathan David).

Daglig leder er Andreas Kratzmeier med Siri Kratzmeier som styremedlem og rådgiver innen forebyggende helse / HMS-tiltak.

Punkt 5 Totalkostnad for prosjektet , begrunning :

Totalkostnad av prosjektet – her nevner vi kostnader 2007/2008 : omtrent 1.27 mill.

Søknadsramme samla 160.000.-

Gjenstående investeringar inkludert søknadsbeløpet: som nemnt under punkt 3
(Søknadsforemål) 495.000.-

Begrunning:

For vår forretning er et utstillingsrom med mulegheit til å se og prøve ut produktene vårt vindu mot lokale/nasjonale kundar. Web-butikken kunne kalles eit vindu mot både lokale, nasjonale og internasjonale interesserte og kundar.

Vi ønskjer å selje produktene våre. Vi har bygget opp et bra fundament for å kunne drive forretning, de neste og siste skrittet før salget kan begynne for fullt er nevnte tiltak og investeringar.

Etter å har bygget opp et produktportefolje er det å komme i kontakt med kunden, kunne demonstrere og selje produktene neste skrittet. Utstillingsrommet har blitt fullrenovert allerede, nå ønskes rommet utstyrt med nødvendig inventar samt salgsløsninger. På vår webside ønsker vi å bygge opp en internetbutikk med internasjonalt tilgjengelig kredittkort-betalingsløsning.

Å kunne fullføre ovennevnte fase i prosjektet er helt avgjørende for å kunne sette i gang salgsapparatet og sikre framtidige inntekter.

Punkt 6 Finansieringsplan :

1 Kapitalbehov

Fase 1 Oppstart 2007:

- Utdanning, nettverks-og kontaktbygging (Norge, Sveits, Tyskland, Malaysia) kr. 50.000.-
- Design (Webside, reklamemateriell) kr. 100.000.-
- Konsulent/rådgivertjenester: Start av aksjeselskap (klarering av lovlig grunnlag, markedsforskning osv.) kr. 20.000.-
- Oppbygging og utrustning av utstillings- og demonstrasjonsenter kr. 500.000.-

Fase 2 Drift & videreutvikling 2008 :

- Bygningsmessige investeringer samt driftstilbehør kr. 250.000.-
- Utvikling webbutikk med betalingsløsning, logg-in for forhandlere etc. kr. 300.000.-
- Konsulent/rådgivertjenester kr. 50.000.-

2 Finansiering:

Fase 1 Oppstart 2007:

- egen arbeidsinnsats kr. 445.000.-
- egenkapital kr. 30.000.-
- lån fra Ingenuity AS kr. 170.000.-
- salgsinntekter kr. 25.000.-

Fase 2 Drift & videreutvikling 2008:

- egen arbeidsinnsats kr. 220.000.-
- over drifta kr. 220.000.-
- tilskudd kraftfond kr. 160.000.-

Verdien på arbeidsinnsats i oppstartsfasen og driftsfasen er beregnet med kr. 200.- per time. 'Egen arbeidsinnsats' er utført av flere personer.

Punkt 8: ØKONOMI

Elexoma Nordic AS har blitt stiftet den 01.08.2007 og registrert i Brønnøysundregisteret 18.09.2007. I oktober nådde vi omsetningsgrensen på 50.000.- og firmaet ble registrert i avgiftsmantallet. Siden har vi konsentrert oss om oversettelser av informasjon, brosjyrer, bruksanvisninger og websider, oppbygging av egen webside o.l. For tiden har firmaet 70.000.- kontanter pluss et varelager på 'frossen kreditt' med en salgsverdi på ca 1.5 mill (via Ingenuity AS som er hovedaksjonær).

Punkt 9: FRAMTIDIG DRIFT

Se budsjett – siste del under faktadelen.

Bemerkninger:

Driftsbudsjettet er revidert basert på forsiktede beregninger. Lønnskostnader har blitt utelatt foreløpig. Ang. ansettelse av mer personell er vi fleksible – ved behov (som medfører større inntekter) ansettes flere. Salgsrepresentantene kommer til å jobbe på provisjonsbasis, det samme gjelder for forhandlere (butikker etc.) Salgsvolum er tilnærmet ubegrenset, men avhengig av kundenes mottakelse. (eks. markedsforskning utført av BI i 90-årene om mobiltelefon: en av de villeste antakelser studentene denne gangen hadde var at det innen de neste 10 årene ville være 280.000 mobiltelefoner/abonnementer i Norge. Per i dag er det langt over 5mill.)

Disponering av resultat

Positivt resultat vil bli reinvestert i videre drift, større salgsapparat, utvidet markedsføring (også til andre land)

Punkt 10: SALG/MARKEDET TIL BEDRIFTEN**Kundegruppe:**

alle: enkeltpersoner, kommuner, NAV, leger, kiropraktorer, fysioterapeuter, helsestudioer, bedrifter og større selskaper som SAS, KLM m.m.

Moderselskapet til Elexoma har allerede en kontrakt med et flyselskap som vil bygge apparatet inn i setene på businessklasse. De har også kontrakt med Virgin Health (Richard Branson, England) som vil tilby behandling med Elexoma til kunder i 120 helsestudioer i Sør-Afrika.

Markedsføringstiltak:

Vi snakker om flere produkter:

- Elexoma™Medic samt andre Elexoma-produkter som er under utvikling
- KyBun-matter og tredemøller
- Massasjestoler og benker

Salg skal skje som

- direktesalg til sluttbruker, d.v.s. enkeltpersoner og bedrifter
- salg til leger, kiropraktorer, fysioterapeuter
- salg til forhandlere, for eksempel de som driver med alternativ behandling, helseutstyrbutikker, selvstendige selgere på provisjonsbasis

KyBun-matter og tredemøller samt massasjestoler/benker – kan tilbys til alle som er plaget med vond rygg

Produktene skal selges i hele Norge og etter hvert i Danmark, Sverige og Finland. For alle produkter skal det utvikles en internett-butikk.

Reportasjer i aviser samt deltakelse i programmer som PULS på NRK er planlagt. Produktet må gjøres kjent, deretter vil egenskapene tale for seg selv og øke salget.

Det for oss viktigste elementet i markedsføringen er skepsisen i markedet. Produktene våre er uten tvil de beste som er tilgjengelig på markedet i sitt segment.

Konkurrenter:

Vi arbeider med nye innovative produkter som egentlig bare har skepsis som hinder.

For Elexoma™Medic finnes det i seg selv ingen konkurrerende produkter. Verdens største konsern innen elektroterapi, franske CEPHAR, har kommentert at Elexoma™Medic er en banebrytende teknologi som ligger fem år foran sammenlignbare teknologier.

KyBun-matter – har som konkurrent bare MBT-skoene til samme oppfinneren. Ut fra vårt synspunkt er det plass til begge to på markedet.

Sanyo massasjestoler – det er flere ulike stoler på markedet, men bare en av disse kan sammenlignes når det gjelder kvalitet og funksjon. Stolene er et produkt som vi tar med fordi en av selgerne er kjent med markedet.

RESULTATBUDSJETT
For ELEXOMA NORDIC AS**revidert Budsjett 2008****INNTEKTER**

Salg	300 000
Behandling / utleie Elexoma	10 000
Tilskudd	160 000

Sum Driftsinntekter 470 000**Variable kostnader:**

Materialer	200 000
Andre kostnader	20 000

Sum Variable kostnader 220 000**DEKNINGSBIDRAG 250 000****Indirekte kostnader:**

Lønn, inkl sosiale kostn. (feriepenger +arb.g.avgift)	0
Leie av lokaler inkl. oppvarming og vann	0
Innleie kontortjenester (regnskap, telefon, bredbånd,)	30 000
Reisekostnader	30 000
Kurs ansatte	25 000
Kontorutstyr-/kontorrekvisita	15 000

Markedsføring	300 000
Forsikringer	15 000
Revisjon	20 000
Andre driftskostnader	12 000
Renhold	18 000

Sum indirekte kostnader 465 000**DRIFTSRESULTAT -215 000**

Renteinntekter	10 000
Rentekostnader (kassakreditter)	60 000

Netto finanskostnader 50 000**RESULTAT -265 000**

VURDERING

Søknadsvolum har gått ned og budsjett radikalt endra, er forhold/endingar sidan sist handsaming. Søknaden er grundig dokumentert. Faktadelen er basert på innspel frå søkjar. Rådmann ser ingen grunn til å endre innstilling til saka etter revidert søknad.

KONKLUSJON

Ut i frå ei samla vurdering av søknaden (opphavleg & revidert) ser ein ikkje noko grunnlag for å endre vurdering og konklusjon gjort ved tidlegare handsaming av søknaden. Ein tilrår at Elexoma Nordic AS ikkje får innvilga støtte gjennom kraftfondet, av omsøkte støtte i form av tilskot med 160.000,-.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	16.09.2008	014/08	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	23.09.2008	072/08	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-67, N-105.1	Arkivsaknr.: 08/673
----------------------	---------------------

SAK 072/01 - REVIDERING AV VEDTEKTENE OG RETNINGSLINENE FOR KRAFTFONDET

KS-072/08 VEDTAK:

Det vert gjort endringar i § 2 i retningslinene for kraftfondet.

Avsnittet med formuleringa – ” *Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktspolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing*” vert fjerna.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

Teksten:

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND for vurdering.

Vert endra til:

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Under opplisting av tiltak som ikkje skal gjevast støtte over kraftfondet, kjem det eit nytt kulepunkt kring transportmiddel;

Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter foreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Prosjekt Einekavane A/S. Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.
- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafor det som kraftfondet gjev støtte til.

Finansiering

Endringsframlegget har ingen økonomisk konsekvens

Heimel

KRD rundskriv om kraftfond og EØS – regelverket for offentlig støtte

Utskrift til: Fylkesmannen i Hordaland

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Ass. Rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om endringsframlegga.

Røysting:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

KRFT-014/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vert gjort endringar i § 2 i retningslinene for kraftfondet.

Avsnittet med formuleringa – ” *Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktpolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing* ” vert fjerna.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- **Bedriftsutvikling** kr. 40.000,-
- **Investeringar** kr. 200.000,-
- **Utlån** kr. 500.000,-

Teksten:

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND for vurdering.

Vert endra til:

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Under opplisting av tiltak som ikkje skal gjevast støtte over kraftfondet, kjem det eit nytt kulepunkt kring transportmiddel;

Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter foreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Prosjekt Einekavane A/S. Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.
- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafør det som kraftfondet gjev støtte til.

Finansiering

Endringsframlegget har ingen økonomisk konsekvens

Heimel

KRD rundskriv om kraftfond og EØS – regelverket for offentleg støtte

Utskrift til:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Innovasjon Noreg
- Revisjonen

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 16.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort endringar i § 2 i retningslinene for kraftfondet.

Avsnittet med formuleringa – ” *Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrong enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktpolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing* ” vert fjerna.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

- | | |
|---------------------|---------------|
| • Bedriftsutvikling | kr. 40.000,- |
| • Investeringar | kr. 200.000,- |
| • Utlån | kr. 500.000,- |

Teksten;

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND for vurdering.

Vert endra til;

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Under opplisting av tiltak som ikkje skal gjevast støtte over kraftfondet, kjem det eit nytt kulepunkt kring transportmiddel;

Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter foreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Prosjekt Einekavane. Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.
- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafor det som kraftfondet gjev støtte til.

Finansiering

Endringsframlegget har ingen økonomisk konsekvens

Heimel

KRD rundskriv om kraftfond og EØS – regelverket for offentleg støtte

SAKSTILFANG:

- Rundskriv H-17/98 – standardvedtekter for kommunale næringsfond (kraftfond) gitt i vannkraftsaker av desember 1998 – Kommunal og regionaldepartementet
- Nærings- og handelsdepartementet – rettleiar offentleg støtte (EØS regelverk for støtte til næringslivet)

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I juni møte i kraftfondsstyret vart det etterlyst og gitt uttrykk for at ein burde føreta endringar av vedtektene og retningslinene for kraftfondet.

HØYRING

Utkast til reviderte vedtekter og retningsliner har ikkje vore ute på høyring.

UTTALE

Ingen uttale i saka

FAKTA

Aktuelle forhold saksa frå *rundskriv H-17/98 – standardvedtekter for kommunale næringsfond (kraftfond) gitt i vannkraftsaker av desember 1998 – Kommunal og regionaldepartementet* følgjer hermed;

GENERELLE PRINSIPPER

Ved kraftutbygging blir regulantar pålagt å innbetala ei avgift (konsesjonsavgift) til staten og til dei fylkeskommunane og kommunar som Kongen bestemmer over. Regulanten kan også bli pålagt å oppretta eit fond i dei aktuelle kommunane.

Fondet og dei årlige konsesjonsavgiftene utgjer det som her er kalla ”kraftfond”.

I tillegg til kraft-/heimfallsfond er det innført kommunale næringsfond som eit eige distriktspolitisk verkemiddel på statsbudsjettet. Geografisk verkeområde for dei distriktspolitiske verkemidla, herunder også kommunale næringsfond, er fastsett ved kongelig resolusjon av 30.april 1998. Retningslinjene for bruken av det kommunale næringsfondet er gitt Rundskriv H-16/98.

INDUSTRIKONSESJONSLOVEN OG VASSDRAGREGULERINGSLOVEN.

Lovbestemelsen om kraftfond finst i Industrikonsesjonslova (14.desember 1917 nr. 16, § 2,3. ledd nr. 13, 6. ledd) og Vassdragsreguleringslova (14.desember 1917 nr. 17, § 11 nr.2,2. ledd) . Bestemelsen blei endra ved lov av 12.juni 1987 og begge lyder slik:

” Avgiften til fylkeskommunen og til kommunene fordeles mellom disse innbyrdes etterbestemmelse av Kongen for 10 år ad gangen. Avgiften avsettes særskilt for hver kommune til eit fond, som anvendes etter bestemmelse av fylkestinget eller kommunestyret. Denne myndigheten kan delegeres til annet kommunalt eller fylkeskommunalt organ. Fondets midler skal i samsvar med vedtekter som er undergitt vedkommende departements godkjenning, fortrinnsvis anvendes til utbygging av næringslivet i distriktene. Departementet kan delegere myndigheten til å godkjenne vedtektene til fylkesmannen. Kommunen kan påklage fylkesmannens avgjørelse etter nærmare regler fastsett av departementet. Vedtekter for fond under et beløp Kongen bestemmer, trenger ikkje godkjenning, ”

Følgjande forhold vert oppretthalde:

- Kommunestyret kan delegere avgjerdsmynde i frå kraftfondssaker til eit anna kommunalt organ.
- Det er delegert til Fylkesmannen å godkjenne vedtekter og eventuelle endringa av vedtektene.
- Vedtektene for mindre kraftfond/hjemfallsfond treng ikkje godkjenning.

KOMMUNALE NÆRINGSFOND OG ANDRE DISTRIKSPOLITISKE VIRKEMIDLER.

Frå 1987 har kommunale næringsfond vore eit distriktpolitisk verkemiddel over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Vi viser i den forbindelse til punkt 3 merknader til § 2 i dette rundskrivet.

Departementet har samordnet retningslinjene for kommunale næringsfond med retningslinjene/standarvedtektene for kraftfond/hjemfallsfond i dette rundskrivet.

Bakgrunnen for samordningsbehovet er flersidig:

- Fondene skal i hovudsak anvendes til samme formål.
- Enkelte kommuner med små kraftfond får også tildelt midler til kommunalt næringsfond og ønsker å slå sammen midlene til ett fond.

Alle kommunar som har kraft-/heimfallsfond, også kommuner som ligg utafor det distriktpolitiske virkeområdet, skal nytte kraftfondet sine retningslinjer etter rundskriv H-17/98 av desember 1998.

For at kraftfond som ikkje tildeles kommunale næringsfond, også skal ha midler til finansiering av prosjekter med kapitalbehov under de grensene som settes for behandling i fylkeskommunen og Statens nærings- og distriktutviklingsfond (SND), tilrår Kommunal- og regionaldepartementet at disse kommunene avsetter deler av sitt kraft-/hjemfallsfond til finansiering av mindre prosjekt.

For kommuner som har relativt små kraftfond og som derfor også kan få tildelt kommunale næringsfond, vil departementet tilrå at disse går inn i næringsfondet og forvaltes etter de retningslinjene som gjelder for kommunale næringsfond.

Dersom kraftinntektene består av et kraftfond fra regulering gitt i medhold av Industrikonsesjonsloven, kan bare den årlige avkastninga av dette fondet nyttas som tilskudd og betingende lån også ytes av fondskapitalen.

Kommunal- og regionaldepartementet vil også påpeke følgende:

Standardvedtektene angir kun den ytre rammen for bruken av kraft-/hjemfallsfondsmidler. Denne rammen stiller kommunene relativt fritt i forvaltninga av kraftinntektene. Innenfor disse ytre rammene kan kommunene snevre inn fondets støtteformål, støtteformer og støttevilkår.

FYLKESMANNENS OG FYLKESKOMMUNENS OPPGAVER.

Med heimel i Vassdragsregulerings- og Industrikonsesjonsloven er mynde til å godkjenne vedtektene for kraft-/heimfallsfond delegert til Fylkesmannen.

Kommunestyret skal behandle forslag til vedtekter/endringar av vedtektene og slik angi ramma for bruk av kraft-/heimfallsfond. Vedtektene skal sendes Fylkesmannen for godkjenning. Fylkesmannen skal påsjå at lovens krav er oppfylt og ta stilling til spørsmålet om vedtektene kan godkjennes i henhold til foreliggende standarvedtekter. Kommunen kan påklage fylkesmannens avgjørelse til Kommunal- og regionaldepartementet. Med "kommunen" menes "kommunestyret".

Kommunestyret har forvaltningsmyndigheten for kraft-/hjemfallsfond dersom myndigheten ikke er delegert til annet kommunalt organ i samsvar med Industrikonsesjonslovens § 2 og Vassdragsreguleringsloven § 10.

Når det gjelder tilsyn og kontroll viser vi til regler om kommunal virksomhet, jf. kommuneloven § 59 og 60.

Fylkeskommunen har veiledningsfunksjon overfor kommunene når det gjelder næringsutvikling. Fylkeskommunen og SND vil også behandle og i flere tilfeller avgjøre søknader om støtte fra distrikspolitiske virkemidler til bedrifter og kommuner.

Fylkeskommunens veilednings-og saksbehandlingsfunksjon er avhengig av god kunnskap om arbeidet med næringsutvikling i de enkelte kommuner. Vedtekter for og årsmeldingar om bruken av kraftfond/hjemfallsfond skal derfor sendes fylkeskommunen.

Kommunestyret handsama sist vedtektene og retningslinene for kraftfondet i 2006. Gjeldande vedtekter er etter vedtak den 23. februar 2006 i Kommunestyresak 6/2006. Vedtektene med retningsliner følgjer på påfølgjande sider.

VEDTEKTER FOR MASFJORDEN KRAFTFOND

§ 1 Kraftfond - Heimeel, kapital og avkastning

a. Fondskapitalen er:

Kraftfond på 1. million kroner, innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap(BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt 2 i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980.

b. Avkastning:

- Årleg konsesjonsavgift som vert innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av konsesjonsvilkåra for Matre- og Haugsdalsvassdraga.
 - Renter og annan avkastning av fondskapitalen
- Avkastninga kan nyttast til tilskot og/eller lån.

§ 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Prosjekt som har til føremål å betra vilkåra for sysselsetjing av ungdom og kvinner bør prioriterast.

Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld eller til den daglege drifta av verksemdar og kommunen.

Verksemdar som mottar vesentleg overføringar frå statsbudsjettet bør ikkje prioriterast.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

§ 3 Former for stønad

Stønad gjennom kraftfondet kan gjevast i form av tilskot eller lån.

Vidare er det høve til å stilla garantiar for kommunale tiltak i den grad desse er gyldige garantiføremål etter kommunelova § 51 og føresegnene for kommunale garantiar.

Midlane bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom kommunen teiknar aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta.

Denneavgrensinga gjeld ikkje utviklingselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interesser.

Det er ikkje høve til å søkje om støtte til same prosjekt kor kommunen har fatta vedtak tidlegare

Tilskot gjennom kraftfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/ verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tid som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet.

§ 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området

Bruken av kraftfondet skal vera i samsvar med det internasjonale reglane Noreg har slutta seg til på statsstøtte område (dvs. EØS-avtalen sitt regelverk for offentleg støtte) jf. rettleiar frå Nærings- og handelsdepartementet av 5.01.2001.

§ 5 Vilkår for stønad

Samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt.

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

Stønad (tilskot og eventuelle subsidiar i samband med lån med redusert rente) skal vere avgrensa til:

Maksimal stønad må liggje innanfor ei samla grense på 100 000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvaksingsorgan kvart år) til ei og same bedrift i ein tre års periode.

Bedrift som mottar stønad plikter å opplyse om bagatellmessig stønad bedrifta har motteke dei siste tre åra.

- Bagatellmessig stønad kan gjevast alle bedrifter uavhengig av storleik
- Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke stønad til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport

Dersom fondsstyre i kommunen ynskjer eit kraftfond utan avgrensingane som reglane om bagatellmessig stønad gjev, må kommunen sjølv ordne med at tiltaket vert meldt til Nærings- og handelsdepartementet, via Kommunal- og regionaldepartementet i samsvar med Lov om offentleg stønad § 2.

§ 6 Forvaltning

Kommunestyret nemner opp styre for kraftfondet. Kraftfondsstyret er for tida identisk med formannskapet. Styret kan delegera avgjerdsrett til administrasjonen etter nærare gitte fullmaktsgrenser. Slik mynde kan ikkje gå ut over dei avgrensingar som følgjer av kommunelova sine reglar og dei kommunale budsjett- og rekneskapsføresegner.

Fondsmidlane skal plasserast på rentebærande konto, slik at midlane til ei kvar tid er til rådvelde.

Rente og avdrag utlån skal attende til kraftfondet. I særlege høve kan Kommunestyret gjera unntak for heile eller deler av renta.

Annan plassering av fondsmidlane kan berre godtakast dersom dette ikkje er til hinder for at midlane kan disponerast til ei kvar tid.

Når det gjeld høve til å klage på avgjerder syner ein til § 59 i kommunelova (lovleg-kontroll) og forvaltningslova § 28 andre ledd (klage på enkeltvedtak).

Klagefrist er 3 - tre - veker etter at vedtaket er gjort.

§ 7 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

§ 8 Godkjenning av vedtektene

Kommunestyre skal gjera vedtak om endring av vedtektene.

Vedtak om endring av vedtektene for kraftfondet skal godkjennast av Fylkesmannen i Hordaland.

Kopi av godkjende vedtekter vert å sende Fylkeskommunen/Innovasjon Noreg (SND).

RETNINGSLINER FOR BRUKEN AV KRAFTFONDET

Til § 1 Kraftfond - Heimeel, kapital og avkastning

Grunnkapitalen på kr. 1.000.000,- vert plassert i bank eller finansinstitusjon på best mogleg vilkår.

Midlar frå kraftfondet kan setjast av til garantifond, når det vert gjeve garanti for kommunale tiltak. Styret for kraftfondet kan gje garantiar for opp til kr. 500.000,- av fondskapitalen. Vilkåret er at garantien er gyldig etter § 51 i kommunelova.

Til § 2 Føremål

Det overordna målet med å bruka kraftfondet er å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen.

Som del av kommuneplanen skal det lagast ein eigen næringsplan. Denne skal gje grunnlag for prioritering av prosjekt. Næringslivet i kommunen bør trekkjast aktivt med i utarbeidinga av ein slik plan. Planen skal innehalde strategiar for kommunen sin kvinne- og ungdomsretta tiltaksarbeid.

Eksempel på prosjekt som kan få stønad:

- **Kommunalt tiltaks- og næringsarbeid,**
til dømes: næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv og stadutviklingsprosjekt.
- **Fysisk tilrettelegging for næringsverksemd**
til dømes: kommunal tilrettelegging av næringsarealer, fysisk stadutvikling, infrastruktur for reiseliv, vassforsyning.
- **Bedriftsutvikling,**
til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.
- **Investering i bedrifter,**
til dømes: utstyr, maskiner og bygningar ved oppstart og utviding av bedrifter.
- **Ungdom, utdanning og arbeid,**
til dømes: Støtte til private verksemder som tek inn lærlingar i yrkesretta fag.

Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrøng enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktspolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing:

- Investeringar (verksemder) kr. 80.000,-
- Utvikling av verksemd kr. 40.000,-
- Grunnlagsinvesteringar kr. 200.000,-
- Tiltaksprosjekt kr. 100.000,-

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND for vurdering.

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. *Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.*

Ved ein eventuell samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastset i § 5.

Tiltak som ikkje skal gjevast stønad over kraftfondet:

- Det kan ikkje gjevast stønad til sanering av gjeld i private bedrifter. Dette set ikkje hindringar for at kraftfondet kan nyttast til refinansiering av ei bedrift etter føreteke gjeldssanering.
- Det kan heller ikkje gjevast stønad til løpande drift av kommunen. Unnateke løn til næringsarbeid, som kan finansierast av fondet. Vidare kan det gjevast stønad til ekstraordinære kommunale tiltak som i utgangspunktet er lagt til andre forvaltningsinstansar som for eksempel Prosjekt Einekavane. Avdrag på lån vert ikkje rekna som løpande drift av kommunen.

Ut over dei prioriteringar som er gjort i strategisk næringsplan, bør all næringsverksemd likestillast. Kommunen bør derimot ikkje gje stønad til næringsverksemd som mottar store overføringar over statsbudsjettet.

Til § 3 Former for stønad

- a. Stønad til nyetableringar skal i hovudsak gjevast som tilskot eller lån på visse vilkår, under dette ansvarleg lånegjeld. Storleiken på tilskota og/eller lån skal vurderast ut i frå samla kapitaltrøng og tilgang på andre distriktpolitiske verkemiddel.
- b. Garantiar kan berre gjevast dersom desse kan godkjennast etter § 51 i kommunelova.
- c. Kraftfondet bør ikkje nyttast til å teikne aksjar og andeler i privat næringsverksemd. Kommunen kan fort komme i ein uheldig dobbelrolle som ansvarleg for både investering/drift og tilskot/lån.

Til § 4 Forholdet til internasjonale plikter på statsstøtte området og § 5 Vilkår for stønad

Ei øvre ramme for stønadsbeløp pr. prosjekt må haldast innfor dei maksimale rammene som følgjer av ESA statsstøttereglar.

Gjennom EØS- avtalen har Noreg forplikta seg til å avstå frå å yte konkurransevriane offentleg stønad til næringslivet i den grad stønaden påverkar samhandelen mellom EØS- landa.

Definisjonen *offentleg stønad* dekkjer stønad gjeve frå offentlege kjelder anten desse er statlege, fylkeskommunale eller kommunale. Reglane om offentlig stønad vil derfor regulere bruken av kraftfond når fonda nyttast til stønad til bedrifter. Stønad til prosjekt i kommunal regi, som nærings- og tiltaksprosjekt og infrastruktursprosjekt fell ikkje inn under reglane om offentlig stønad. Sentralt i reglane om offentlig stønad er kravet om stønadsordningar skal meldast inn og/eller eventuelt notifisert av EFTA's overvakingsorgan. I Noreg samordnar Nærings- og handelsdepartementet slik innmelding til overvakingsorganet. Innafor godkjent stønadsordning vil det normalt ikkje vere nødvendig å melde inn enkeltvedtak om stønad.

Kommunen har under § 5 i vedtektene for Masfjorden kraftfond gått inn på bagatellmessige stønadsordningar. Bagatellmessige stønadsordningar skal meldast til ESA, og krev ingen årleg rapportering.

Reglane om bagatellmessig stønad seier at ei bedrift kan motta inntil 100.000 ECU (omrekna i høve til referansekurs fastset av ESA - EFTA overvakingsorgan kvart år) til ei og same bedrift i ein tre års periode frå det tidspunkt ei bedrift er tildelt bagatellmessig stønad. Ein må difor ta omsyn til all tildelt bagatellmessig stønad for ei bedrift innafor siste tre års perioden og som er blitt definert som bagatellmessig stønad. Det kan gjevast bagatellmessig stønad til alle typar kostnader og næringar, unnateke støtte til primær stålproduksjon, skipsbygging, transport og eksport.

Med stønad til eksport tenkjer ein på, stønad som kan koplatt direkte til mengde eksporterte varer frå bedrifta, etablering og drift av eit distribusjonsnettverk.

Det kan gjevast stønad til følgjande tiltak i samband med eksport:

- Rådgeving for identifisering av bedrifta sine behov og val av tenester
- Kompetansegejvande tiltak
- Utarbeiding av eksportmarknadsplan
- Studiar eller konsulenttenester som vil vere nødvendig for å lansere eit nytt produkt eller eit eksisterande produkt på eit ny marknad
- Marknadsundersøkingar/innhenting av marknadsinformasjon
- Deltaking på messer

Lån frå kraftfondet skal sikrast med pant i fast eigedom, leigerett med driftstilbehøyr, maskiner eller salspant.

Rente på lån frå kraftfondet skal følgja Husbankens lågaste flytande rente

Til § 6 Forvaltning

- a. Formannskapet er styre for kraftfondet, og vert delegert avgjerdsmynde i alle saker. Formannskapet kan vidare delegere mynde til rådmannen. Søknad om tilskot over kr. 50.000 og lån over kr. 100.000,- skal likevel handsamast av kommunestyre.
- b. Søknader kraftfondet skal skje elektronisk – skjema finn ein på kommunen si heimeside på internett www.masfjorden.kommune.no og alle søknader vert å sende postmottak@masfjorden.kommune.no. Saksførebuinga til styret for kraftfondet vert delegert til rådmannen i samsvar med § 23 i Kommunelova. Rådmannen kan intern delegere mynde.

- c. Alle søkjarar til kraftfondet skal verta invitert til kraftfondsstyret eller Kommunestyret for å få presentert sin prosjekt/forretningsideen sin.
- d. Etter tre år skal søkjar som har motteke lån/tilskot få eit evalueringsskjema der dei vurderer kommunen sin medverknad i høve til lån eller tilskot og kva servicenivået har betydd for dei.
- e. Budsjett og rekneskap skal integrerast i kommunen sitt økonomisystem i samsvar med gjeldande føresegner. I tillegg forutset ein at det vert utarbeid eit vedlegg til rekneskapen med ein samla oppstilling av kraftfondet sine inntekter og utgifter. I budsjettet skal Kommunestyret konkretisere sum frie fondsmidlar til tildeling i form av hhv. lån og tilskot
- f. Mindretalet i kraftfondsstyret kan bringe organet sitt vedtak inn for kommunestyre

Til § 7 Årsmelding

Kvart år skal det leggast fram for kommunestyret ei melding om bruken av kraftfondet.

Årsmeldinga for kraftfondet skal innehalda:

- Rekneskap
- Oversyn over prosjekt
- Analyse over korleis fondet er nytta sett i høve til prioriteringa i strategisk næringsplan
- Trong for endringar i prioriteringar/retningsliner for bruken av kraftfondet for neste år

Søkjarar som har motteke lån til prosjekt skal sende inn årsmelding til styret for kraftfondet årleg inntil lånet er nedbetalt/innfridd innfridd og søkjarar som har vorte tildelt tilskot gjennom kraftfondet skal sende inn rekneskap/ årsmelding for det aktuelle år tilskotet vart utbetalt med tilbakemelding om kva betydning tilskotet hadde for det aktuelle året”.

VURDERING

Når det gjeld § 1, 2 & 4 i vedtektene ser ein ingen grunn til å gjere endringa.

Når det gjeld begrepet stønad – viser ein til § 3 1. ledd som definerer begrepet stønad som – tilskot & lån jf. tidlegare debattar kring begrepet – kor ein del definerer stønad til kun å gjelde tilskot. Rundskriv frå departementet fokuserer på utlån gjennom kraftfondet, og mindre på tilskot. Sidan ”oppdyddinga” av kraftfondet i slutten av 1990-talet har ein gjeve forholdsvis meir i tilskot enn i form av lån til næringslivet.

Andre former for støtte enn lån og tilskot er lite aktuelt med noverande regelverk for å stilla garantiar for kommunale tiltak i den grad desse er gyldige garantiføremål etter kommunelova § 51.

Når det gjeld § 4 er det EØS regelverket som styrer. Vi har ikkje vore inn på prosjekt dei siste åra kor dette er ein aktuell problemstilling.

Vilkår for stønad har ein i § 5. Noverande vedtekter seier at samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak skal som hovudregel ikkje overstige 25 % av den samla kapitaltrongen for eit prosjekt. Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte.

Slik som vedtektene no er, får vi stadig fleire søknader/søkjarar som meiner at dei kan få 75% støtte, og dermed avvike frå hovudregelen om inntil 25% ut i frå å definere prosjektet som bedriftsutviklingstiltak. Ein tilrår at ein anten fjernar heile setninga om *ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte* og brukar berre 1.ledd i § 5 som opnar for høgare støtte enn 25%.

Alternativt er å definere klarare kva ein meiner med bedriftsutvikling – for eksempel bruke definisjonen i retningslinene for kraftfondet § 2 definerer ein

- **Bedriftsutvikling,**

til dømes: etableringsstipend, opplæring, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking og planlegging.

som spesifiserer kva område/tiltak som er relevant, og at ein for eksempel setter eit tak for støtte inntil 40.000 til slike føremål.

Rundskriv frå KRD opnar for 50% av det totale kapitalbehovet, medan prosjekt retta mot kvinner og ungdom, samt nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte. Punktet kring ”ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering” i noverande vedtekter har skapt ein del utfordringa/problem då mange av tiltaka kan heimlast under definisjonen bedriftsutvikling. Ein meiner at satsen med 25% som norm av kapitalbehovet bør vidareførast så lenge ein vektlegg tilskotsdelen av tildelinga så høgt som ein har gjort siste åra.

Ein har ingen endringsframlegg til § 6, 7 og 8 i vedtektene, samt § 1 i retningslinene for kraftfondet.

Ein tilrår ei nærare spesifisering under § 2 i retningslinene for kraftfondet.

Setning om;

Det kan og gjevast stønad til prosjekt med lågare kapitaltrong enn det som kvalifiserer til stønad frå distriktpolitiske verkemiddel. For stønad til slike tiltak gjeld slik avgrensing:

Tilrår ein vert fjerna, og erstatta med;

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet;

No har vi følgjande satsar;

- Investeringar (verksemder) kr. 80.000,-
- Utvikling av verksemd kr. 40.000,-
- Grunnlagsinvesteringar kr. 200.000,-
- Tiltaksprosjekt kr. 100.000,-

Som ein tilrår vert endra til;

- Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- Investeringar kr. 200.000,-
- Utlån kr. 500.000,-

Kor 1. & 2. kulepunkt gjeld både ramme for tilskot og lån, men primært tilskot, og siste beløpsgrense for lån.

Noverande tekst;

For større prosjekt kan kommunen sjølv avgjere om desse skal få stønad frå kraftfondet eller sendast til SND for vurdering.

Endra til;

Kraftfondet er først og fremst retta mot støtte til mindre næringsprosjekt. For større prosjekt (samla kapitalbehov utover 500.000,-) skal søkjar først avklare mogleg støtte gjennom innovasjon Noreg eller andre regionale støtteordningar, før kraftfondet tek saka opp til handsaming.

Under opplisting av tiltak som ikkje skal gjevast støtte over kraftfondet, tilrår ein å setje inn eit kulepunkt kring transportmiddel;

- Transportmiddel (bil, varebil, lastebil, traktor etc.) fell i utgangspunktet utafor det som kraftfondet gjev støtte til.

Ingen endringsframlegg til retningslinene elles, § 4 og 5 vert styrt av EØS avtalen, og ved sist revidering endra ein litt på § 6 & 7.

KONKLUSJON

Det vert gjort nokre mindre endringa i vedtektene og retningslinene for kraftfondet i tråd med det som framgår av vurderingsdelen, og at desse endringane vert gjeldane frå 01.10.2008.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.09.2008	068/08	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	23.09.2008	073/08	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-033, N-025	Arkivsaknr.: 07/119
---------------------	---------------------

SAK 073/08 - DELEGERINGSREGLEMENT FOR MASFJORDEN KOMMUNE - EVALUERING 2008

KS-073/08 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner nytt delegeringsreglement for Masfjorden kommune.

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS-068/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner evaluering av delegeringsreglement for Masfjorden kommune.

Utskrift til:

Alle kommunale driftseiningar
Revisjonen

Det skjedde i Formannskapet den 16.09.2008:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner evaluering av delegeringsreglement for Masfjorden kommune.

Finansiering**Heimel****Utskrift til:**

Alle kommunale driftseiningar
Revisjonen

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	10.09.2008	Personalrådgjever Jane Britt Daae	Utkast delegasjonsreglementet

Vedlegg: Utskrift frå kommunestyremøte den 25.09.07

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Det gamle kommunestyret handsama revisjon av delegeringsreglementet i kommunestyret den 25.09.2007 og gjorde slikt vedtak:

- 1. Masfjorden kommunestyre har evaluert delegeringsreglementet slik det ligg føre frå revisjonsgruppa.*
- 2. Saka går til endeleg handsaming i det nye kommunestyret.*

Før handsaming i kommunestyret hadde rådmannen gått gjennom delegeringsreglementet som så vart lagt fram for revisjonsgruppa nedsett av kommunestyret.

Gruppa var samansett slik:

Ivar Holmaas, V
Helge Haukeland, A
Tore Helland, Frp
Marit Steinestø, KrF
Erik A. Riisnes, Sp
Karstein Totland, H

Gruppa hadde to møter for å gå gjennom reglementet.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Delegeringsreglementet er no gått gjennom av personalrådgjevar og oppdatert i høve til lovgrunnlaget.

VURDERING

KONKLUSJON

Delegeringsreglement for Masfjorden kommune vert no lagt fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.09.2008	069/08	Lovisa Midtbø
Arbeidsmiljøutvalet	19.09.2008	019/08	Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	19.09.2008	014/08	Lovisa Midtbø
Kommunestyret	23.09.2008	074/08	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-042	Arkivsaknr.: 06/1062
--------------	----------------------

SAK 074/08 - LØNSPOLITISK PLAN 2008-2010

KS-074/08 VEDTAK:

Lønspolitisk plan 2008 -2010 vert vedteke med denne endringa:

Masfjorden kommune skal utarbeida stillingsomtale innan 01.05.2010.

Det er eit mål at pr 01.05.2010 skal kommunalsjefar vere plassert i kap. 3.4.1 og avdelingsleiarar i kap. 3.4.2.

Utskrift til:

Arbeidstakarorganisasjonane

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Personalrådgjevar Jane Britt Daae orienterte om bakgrunnen for å ha ein slik plan.

Ho synte til s. 5 i lønspolitisk handlingsplan der det står:

”Det er eit mål at pr 30.04.10 skal kommunalsjefar vere plassert i kap. 3.41 og avdelingsleiarar i kap. 3.4.2%

I administrasjonsutvalet den 19.09.08 vart det vedteke å endra datoen til 01.05.2010.

Tilrådinga frå formannskapet og administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

ADM-014/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Lønspolitisk plan 2008 -2010 vert tilrådd vedteke med denne endringa:

Masfjorden kommune skal utarbeida stillingsomtale innan 01.05.2010.

Det er ei mål at pr 01.05.2010 skal kommunalsjefar vere plassert i kap. 3.4.1 og avdelingsleiarar i kap. 3.4.2.

Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 19.09.2008:

Saka vart drøfta.

FS-069/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Lønspolitisk plan 2008 -2010 vert tilrådd vedteke med denne endringa:

Masfjorden kommune skal utarbeida stillingsomtale innan 01.05.2010.

Utskrift til:

Arbeidstakarorganisasjonane og leiarane i kommunen.

Det skjedde i Formannskapet den 16.09.2008:

Formannskapet drøfta saka grundig.

Formannskapet gav uttrykk for at det var bra at kommunen endeleg har fått ein lønspolitisk handlingsplan på plass.

Av innhaldet i planen var det avsnittet om vurderingsgrunnlag i lokale lønsforhandlingar og då spesielt kriterium 5 som går på å vurdere den tilsette utifrå ein del kriterier ved fordeling av potten, som skapte diskusjon og som nokre uttrykte ein viss skeptisk til.

Det vart og teke opp at kommunen enno ikkje har på plass stillingsomtale for dei tilsette. Dette er svært viktig å få på plass.

Rådmann Lovisa Midtbø uttrykte at det må vera eit realistisk mål for Masfjorden kommune å utarbeida stillingsomtale for alle innan 01.05.2010.

Formannskapet tilrådde samrøystes lønspolitisk handlingsplan med tillegget om stillingsomtale.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lønspolitisk plan 2008 -2010 vert tilrådd vedteke.

Finansiering**Heimel**

SAKSUTGREIING:

Ny hovudtariffavtale (HTA) ligg føre for 01.05.08 til 30.04.10. HTA pkt. 3.2 syner at arbeidsgjevar skal ta initiativ til ein skriftleg lokal lønspolitikk.

I møter med tillitsvalte og leiarane den 21.08.08 vart utkast til ny lokal lønspolitisk plan gjennomgått. Etter at innspela var arbeida inn i planen, vart den sendt ut til leiarar og tillitsvalte for vidare handsaming ute. Dette utkastet, som er rådmannen sitt framlegg til plan, ligg vedlagt.

Planen vert tema på leiarsamlinga 8.- 9.09.08, og me skal ha eit formelt drøftingsmøte med tillitsvalte 15.09.08. Konklusjonar frå drøftingsmøtet vert presentert i møtet i dag.

Rådmannen ønskjer Arbeidsmiljøutvalet si vurdering for

- ✚ Er prinsipp og kriterium for lokale lønsforhandlingar egna til å kunne
 - Gje positiv lønsvekst (utover den sentrale oppgjer gjev) ved innsats som fører til kommunale tenester av beste kvalitet?
 - Vise at det er eit mål at tilsette ser kommunen er ein arbeidsgjevar (på tvers avdelingar)?
 - Gje realistiske forventningar og innsikt i kva som kan føre til positiv lønsvekst?
- ✚ v kva informasjon som er viktig i høve til førebuing, gjennomføring og resultat ved lokale lønsforhandlingar (planen sin pkt. 6.1).

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	23.09.2008	075/08	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 06/1077
---------------------	----------------------

SAK 075/08 - REGULERINGSPLAN FOR MATRE - VIDARE HANDSAMING

KS-075/08 VEDTAK:

1. Kommunestyret viser til referat frå meklingsmøte mellom fylkesmannens si Landbruksavdeling den 20.06.08 og tar dette til orientering.
2. Kommunestyret fastheld behovet for bustadtomtar i samsvar med det overordna målet for prosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden"
3. Saka vert sendt attende til rådmannen. Kommunestyret vil be om at problemstillinga vert gjennomgått på nytt, for å sjå om det kan finnast løysingar som kan vera meir akseptable for alle partar.

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Ordførar Håkon Matre, H, spurde om han var ugild i denne saka.

Varaordførar Kari Skår Sørheim overtok no som ordførar.

Ho gjorde framlegg om at ordførar ikkje er ugild då det ikkje er innhaldet i planen, men den vidare handsaminga som skal drøftast.

Kommunestyret var samrøystes i at ordførar Håkon Matre ikkje er ugild i denne saka.

Karstein Totland, H, sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. *Kommunestyret viser til referat frå meklingsmøte mellom fylkesmannens si Landbruksavdeling den 20.06.08 og tar dette til orientering.*
2. *Kommunestyret fastheld behovet for bustadtomtar i samsvar med det overordna målet for prosjektet "Lokalsamfunnsutvikling i Masfjorden",*
3. *Saka vert sendt attende til rådmannen. Kommunestyret vil be om at problemstillinga vert gjennomgått på nytt, for å sjå om det kan finnast løysingar som kan vera meir akseptable for alle partar.*

Kari Skår Sørheim, KrF, gjorde framlegg om at kommunestyret tek motsegna til fylkesmannen til følgje.

Bjørn Egil Nordland, Ap, sa at han røysta imot å nytta det omstride området til bustadfelt då reguleringsplanen sist var i kommunestyret, men vil no støtta framlegget frå Høgre.

Tore Helland, Frp, sa at Frp også røysta mot å ta dette arealet sist reguleringsplanen var handsama i kommunestyret, men vil no støtta framlegget frå Høgre.

Røysting:

Framlegget frå KrF og Høgre vart røysta mot einannan.

Høgre sitt framlegg vart vedteke med 13 røyster mot 4 røyster (KrF og Sp)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Finansiering

Heimel

Utskrift til:

Fylkesmannen i Hordaland

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
60	I	12.06.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Innkalling til meklingsmøte i høve reguleringsplan for Matre - motsegn frå Statens landbruksforvaltning
61	I	30.06.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Referat frå meklingsmøte - reguleringsplan Matre - motsegn frå Statens landbruksforvaltning

- Utskrift av kommunestyrevedtak43/08 den 26.05.08 ligg ved.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Den 20.06.08 vart det halde meklingsmøte i høve sak om reguleringsplan for Matre der det hadde kome motsegn frå Statens landbruksforvaltning.

I referatet frå meklingsmøtet som ligg ved, konkluderte fylkesmannen med at det ikkje var mogleg å oppnå semje mellom partane om det gjenståande landbruksarealet Rabbane på Store Matre.

Referat frå meklingsmøte vart lagt fram for Fast utval for plansaker som skriv og melding den 16.09.08.

Det vart der stilt spørsmål om korleis saka no skal handsamast vidare.

Rådmannen opplyste då om at saka kjem til kommunestyret den 23.09.08.

FAKTA

Det er kommunestyret som må avgjera om motsegna skal takast til følgje eller om reguleringsplanen skal sendast til Miljøverndepartementet for stadfesting i samsvar med plan- og bygningslova § 27-2 nr 2.

Planforslaget må i så fall sendast via fylkesmannen etter nærare retningslinjer som framgår av departementet sitt rundskriv.

VURDERING

KONKLUSJON

Kommunestyret må ta stilling til korleis saka om reguleringsplan Matre no skal handsamast vidare.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	16.09.2008	046/08	Kjersti Furnes Soltvedt
Kommunestyret	23.09.2008	076/08	Kjersti Furnes Soltvedt

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 08/397
---------------------	---------------------

SAK 076/08 - REGULERINGSPLAN DUESUNDØY - MINDRE ENDRINGAR - 3. GONGS HANDSAMING

KS-076/08 VEDTAK:

I samsvar med pbl § 28-1 godkjenner Masfjorden kommunestyre følgjande endringar skissert i brev og vist i kart datert 14.05.08 for sjøve reguleringsplanen.

B1, tomtestorleiken auka for rekkehus
B6, justert vegtrase, justering av tomter
B7, justering av veg og tilpassing av tomter
H2, H4, omgjeriing av gangsti til veg
H5, vegframføring til septiktank
H10, pumpestasjon kloakk
Småbåthamn, omgjeriing av gangsti til veg

Ikkje godkjent:

Framlegg til endring av §4 pkt 2 i føresegnene vert ikkje godkjend.
B6 Flytting av leikeområdet i felt vert ikkje godkjent.

Elles må:

Parkeringsplassane teiknast inn på plankartet.
Ferjeområdet teiknast inn på plankartet.
Områda utanfor N1 og N2 må skildrast.

Planen m/føresegner skal rettast opp i samsvar med vedtak og leverast i SOSI format før byggjemeldingar kan handsamast.

Finansiering

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift til:

Reknes Byggjevarer L/L

Det skjedde i Kommunestyret den 23.09.2008:

Vigdis Søvik, Sp, ba om permisjon frå møtet før handsaming av denne saka.

Ragnvald Tangedal, Ap, spurde om kvifor vegane er planlagt slik at dei som skal til hyttene må kjøra gjennom bustadfeltet. Dette vil føra til auka trafikk der barn leikar.

Ordførar svara at desse tilhøva var vurdert då planen vart vedteken. Kommunestyret meinte då at det var viktig at det vart bygd veg til bustadfeltet fyrst..

John Torsvik, H, spurde om arealet som var avsett i høve brufeste for kryssing over fjorden framleis var avsett til det føremålet.

Rådmann Lovisa Midtbø svara at det var det.

Saka vart drøfta og det var stilt spørsmål.

Røysting:

Tilrådinga frå Fast utval for plansaker vart samrøystes vedteke.

FUP-046/08 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I samsvar med pbl § 28-1 godkjenner Masfjorden kommunestyre følgjande endringar skissert i brev og vist i kart datert 14.05.08 for sjølve reguleringsplanen.

B1, tomtestorleiken auka for rekkehus
B6, justert vegtrase, justering av tomter
B7, justering av veg og tilpassing av tomter
H2, H4, omgjerung av gangsti til veg
H5, vegframføring til septiktank
H10, pumpestasjon kloakk
Småbåthamn, omgjerung av gangsti til veg

Ikkje godkjent:

Framlegg til endring av §4 pkt 2 i føresegnene vert ikkje godkjent.

B6 Flytting av leikeområdet i felt vert ikkje godkjent.

Elles må:

Parkeringsplassane teiknast inn på plankartet.

Ferjeområdet teiknast inn på plankartet.

Områda utanfor N1 og N2 må skildrast.

Planen m/føresegner skal rettast opp i samsvar med vedtak og leverast i SOSI format for byggjemeldingar kan handsamast.

Finansiering**Heimel**

Plan- og bygningslova

Utskrift til:

Reknes Byggjevarer L/L

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med pbl § 28-1 godkjenner Masfjorden kommunestyre følgjande endringar skissert i brev og vist i kart datert 14.05.08 for sjølve reguleringsplanen.

B1, tomtestorleiken auka for rekkehus
B6, justert vegtrase, justering av tomter
B7, justering av veg og tilpassing av tomter
H2, H4, omgjerung av gangsti til veg
H5, vegframføring til septiktank
H10, pumpestasjon kloakk
Småbåthamn, omgjerung av gangsti til veg

Ikkje godkjent:

Framlegg til endring av §4 pkt 2 i føresegnene vert ikkje godkjend.

B6 Flytting av leikeområdet i felt vert ikkje godkjent.

Elles må:

Parkeringsplassane teiknast inn på plankartet.

Ferjeområdet teiknast inn på plankartet.

Områda utanfor N1 og N2 må skildrast.

Planen m/føresegner skal rettast opp i samsvar med vedtak og leverast i SOSI format før byggjemeldingar kan handsamast.

Finansiering**Heimel**

Plan- og bygningslova

Utskrift til:

Reknes Byggjevarer L/L

SAKSTILFANG:**Vedlagt:**

4	I	30.01.2007	Bjørnar Vik	Reguleringsplan Duesund - Reguleringsføresegner.
8	U	09.07.2008	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune	Reguleringsplan Duesundøy - mindre endringer – Uttale Vedlagt.
10	I	11.07.2008	Landbruksavd Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til offentlig ettersyn - reguleringsplan Duesundøy. Vedlagt
9	I	13.08.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til mindre endringer av reguleringsplan for Duesundøy i Masfjorden kommune. Vedlagt
12	I	25.08.2008	Strategi- og næring Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentlig høyring av reguleringsendring
			Masfjorden kommune	Kart eks. og kart m/endr.

Ikkje vedlagt:**SAKSUTGREIING:**

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	30.01.2007	Bjørnar Vik	Reguleringsplan Duesund - Reguleringsføresegner.
1	I	14.05.2008	Reknes Byggjevarer LL	Vedr mindre endringer reguleringsplan Duesundøy
2	I	16.05.2008	Reknes Byggjevarer LL	Revidert reguleringsplan Duesundøy - kart i målestokk 1:1000
5	U	10.06.2008	Reknes Byggevarer LL	Melding om vedtak - Vedk.mindre endringer reguleringsplan Duesundøy
7	U	03.07.2008	Reknes Byggjevarer LL	Melding om vedtak - Reguleringsplan Duesundøy - mindre endringer
8	U	09.07.2008	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune	Reguleringsplan Duesundøy - mindre endringer - Uttale
10	I	11.07.2008	Landbruksavd Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til offentlig ettersyn - reguleringsplan Duesundøy
9	I	13.08.2008	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til mindre endringer av reguleringsplan for Duesundøy i Masfjorden kommune
12	I	25.08.2008	Strategi- og næring Hordaland fylkeskommune	Fråsegn til offentlig høyring av reguleringsendring

BAKGRUNN

Bakgrunn for saka er mindre reguleringsendringar.

Saka var sist handsama i Fast utval for plansaker 27.06.08.

Det vart vedtatt at dersom Fylkesmannen eller Hordaland fylkeskommune hadde merknader til endringsframlegga skulle saka handsamast på nytt i utvalet før planen vert endeleg godkjend.

HØYRING

Søknaden om mindre reguleringsendringar og vedtaket frå Fast utval for plansaker 27.06.08. har etter dett vore på høyring hjå Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Dei har kome med følgjande uttalar .

UTTALE

Fylkesmannen si landbruksavdeling har ingen landbruksfaglege merknader til reguleringsendringane.

Fylkesmannen si miljøvernavdeling har følgjande merknader:

Miljøvernavdelinga er kritisk til framlegg til nye vegar og oppjustering av sti til bilveg. Vegar går ned og i nokre tilfelle inn i strandsona. Dermed opnar ein området på ein uheldig måte. Miljøvernavdelinga kan ikkje sjå at behovet for vegutløyising er dokumentert og rår frå denne endringa.

Når det gjeld tomtetilpassing og utviding av bustadtomtar peikar avdelinga på at det kan sjå ut som dette går på kostnad av grøntstrukturen i planområdet. Det er ikkje lagt inn tilleggsareal til friområde og dei grøne områda er ikkje lenger samanhengande, men fragmentert.

Før ein tek ut av føresegna setninga *hyttene kan berre oppførast i 1 etg eventuelt med hems* rår miljøvernavdelinga til at tiltakshavar gjennomfører ein analyse med visualisering av korleis dette vil verte i landskapet. Planområdet ligg eksponert til mot sjø og fritidsbustader utan byggehøgder vil vere uheldig. Miljøvernavdelinga er såleis kritisk til at dette punktet vert fjerna frå føresegna.

Hordaland fylkeskommune, Strategi- og næringsavdelinga:

Dei har ingen vesentlege merknader, men tek atterhald om automatisk freda kulturminne ved å vise til Kulturminnelova.

FAKTA

Det har ikkje kome nye opplysningar til saka sidan møte i Fast utval for plansaker 27.06.08.

VURDERING

Rådmannen viser til vedtak gjort i Fast utval for plansaker, sak nr 041/08. Etter attendemeldingar frå fylkesmannen si miljøvernavdeling, har rådmannen gått nøye gjennom dei omsøkte endringane på nytt, og også gjennomført ny synfaring på Duesundøya.

Rådmannen har vurdert alle innspel og merknader frå fylkesmannen nøye. Rådmannen vil peika på at dei omsøkte endringane mest truleg ikkje hadde kome dersom planen hadde hatt 1m koter i utgangspunktet, då hadde ein klarare sett detaljar i planen.

Fylkesmannen si miljøvernavdeling peikar på at det kan sjå ut som tomtetilpassing og utviding av bustadtomtar går på kostnad av grøntstrukturen i planområdet. Ved synfaringa såg ein særskilt på dette, men fann at dette i all hovudsak var område som var så bratte at dei i

liten grad kan nyttast som grøntområde. Rådmannen vil derfor framleis tilrå desse endringane, med eit unntak, flytting av leikeplassen i B6. Rådmannen fann at flyttinga av leikeplass i felt B6 var uheldig. Den endringa som vart gjort i møte 27.06.08 vil etter rådmannen si meining føre til at leikeområdet vert kraftig forringa. Det nye leikeområdet ligg i skrått terreng og består for det meste av berg. Det må opparbeidast for å kunne nyttast, medan opprinneleg leikeareal er vesentleg for grøntstrukturen, flatt og kan nyttast stort sett som det ligg i dag. Etter synfaring 01.09.08 vil rådmannen rå til at leikeplass i felt B6 vert flytta tilbake til opprinneleg plassering.

Miljøvernavdelinga er kritisk til framlegg til nye vegar og oppjustering av sti til bilveg. Vegar går ned og i nokre tilfelle inn i strandsona. Dermed meiner miljøvernavdelinga at ein opnar området på ein uheldig måte. Miljøvernavdelinga kan ikkje sjå at behovet for vegutløysing er dokumentert og rår frå denne endringa.

Rådmannen finn at ved naustområdet N2 vert vegen endra frå gangsti til bilveg. På grunn av topografi er septiktank plassert bak naustområde N2. Det er naudsynt med veg for å kunne tømme denne. Vegen vil bli liggjande skjerna bak naustrekkja og stoppar der, og opnar såleis ikkje ny strandsona. Rådmannen meiner det er dokumentert behov for denne vegen og tilrår å gje løyve til denne endringa.

Vegutløysing til H3 frå vest ligg særst godt skjerna i terrenget og er ikkje synleg frå sjø. Rådmannen rår til at desse vegane vert godkjende. Vegutløysing frå aust vert til dels liggjande bak hyttene men er delvis synleg frå sjøen. Etter ei heilskapsvurdering finn rådmannen å kunna tilrå denne endringa.

Den andre vegen som går inn i strandsona fører ned til småbåthamna. Rådmannen tilrår denne endringa. Rådmannen legg vekt på at vegutløysing til småbåthamna vil gjere denne tilgjengeleg for alle (universell utforming). Sidan småbåthamna skal dimensjonast for offentleg bruk, vert det og lagt vekt på argumentet om av- og pålessing. Vegen stoggar med sнопlass i bakkant av området som er innregulert flytebrygger/båthamn, og opnar dermed ikkje nytt strandområde.

Før ein tek ut av føresegna setninga *hyttene kan berre oppførast i 1 etg eventuelt med hems* rår miljøvernavdelinga til at tiltakshavar gjennomfører ein analyse med visualisering av korleis dette vil verte i landskapet. Rådmannen er samd med miljøvernavdelinga i at planområdet ligg eksponert til mot sjø og fritidsbustader utan byggehøgder vil vere uheldig. Rådmannen rår derfor til at dette punktet ikkje vert fjerna frå føresegna.

Det vert og peika på at planen ikkje er i samsvar med SOSI-standarden når det gjeld fargebruken. Plankartet må endrast slik at hus og hytter får korrekt farge.

KONKLUSJON

Etter høyringsrunden og ny synfaring har rådmannen følgjande framlegg til vedtak:

I samsvar med pbl § 28-1 godkjenner Masfjorden kommunestyre følgjande endringar skissert i brev og vist i kart datert 14.05.08 for sjølvreguleringsplanen.

**B1, tomtestorleiken auka for rekkehus
B6, justert vegtrase, justering av tomter
B7, justering av veg og tilpassing av tomter
H2, H4, omgjerung av gangsti til veg
H5, vegframføring til septiktank
H10, pumpestasjon kloakk
Småbåthamn, omgjerung av gangsti til veg**

Ikkje godkjent:

Framlegg til endring av §4 pkt 2 i føresegnene vert ikkje godkjent.

B6 Flytting av leikeområdet i felt vert ikkje godkjent.

Elles må:

Parkeringsplassane teiknast inn på plankartet.

Ferjeområdet teiknast inn på plankartet.

Områda utanfor N1 og N2 må skildrast.

Planen m/føresegner skal rettast opp i samsvar med vedtak og leverast i SOSI format før byggjemeldingar kan handsamast.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 23.09.2008 vert vitna:

Håkon Matre
Ordførar

Tore Helland
Kommunestyremedlem

Vigdis Søvik
kommunestyremedlem